



KVINNHERAD
KOMMUNE

Årsmelding

2018



Innholdsfortegnelse

1	Årsmelding 2018.....	5
1.1.1	<i>Rådmannens kommentar.....</i>	5
1.1.2	<i>Samfunnsutvikling.....</i>	6
1.1.3	<i>Syssetting.....</i>	8
1.1.4	<i>Investeringar og nyanlegg.....</i>	8
1.1.5	<i>Interkommunalt samarbeid.....</i>	9
1.1.6	<i>Organisasjon.....</i>	10
1.1.7	<i>Felles prosjekt og satsingar i organisasjonen.....</i>	13
1.1.8	<i>Inntektspostar.....</i>	15
1.1.9	<i>Kommunen som verksemd.....</i>	16
1.2	<i>Rekneskap 2018.....</i>	18
2	Seksjon Stab.....	29
2.1	<i>Seksjonen sine kommentarar.....</i>	29
2.1.1	<i>Om seksjonen og tenesteområda.....</i>	29
2.1.2	<i>Personal.....</i>	32
2.1.3	<i>Økonomi.....</i>	33
2.1.4	<i>Utfordringar.....</i>	34
3	Seksjon for Løn og Personal.....	35
3.1	<i>Seksjonen sine kommentarer.....</i>	35
3.1.1	<i>Om seksjonen og tenesteområda.....</i>	35
3.1.2	<i>Personal.....</i>	35
3.1.3	<i>Økonomi.....</i>	35
3.1.4	<i>Utfordringar.....</i>	36
4	Seksjon kultur, næring og utvikling.....	37
4.1	<i>Seksjonen sine kommentarer.....</i>	37
4.1.1	<i>Om seksjonen og tenesteområda.....</i>	37
4.1.2	<i>Personal.....</i>	41
4.1.3	<i>Økonomi.....</i>	41
4.1.4	<i>Utfordringar.....</i>	42
5	Seksjon Forvaltning.....	43
5.1	<i>Seksjonen sine kommentarer.....</i>	43
5.1.1	<i>Om seksjonen og tenesteområda.....</i>	43
5.1.2	<i>Personal.....</i>	46
5.1.3	<i>Økonomi.....</i>	46

5.1.4	<i>Utfordringar</i>	47
6	Sektor for oppvekst	48
6.1	Sektoren sine kommentarer.....	48
6.1.1	<i>Om sektoren og tenesteområda</i>	48
6.1.2	<i>Personal</i>	48
6.1.3	<i>Resultat for tenestemottakarane</i>	49
6.1.4	<i>Resultat for medarbeiderane</i>	53
6.1.5	<i>Økonomi</i>	54
6.1.6	<i>Utfordringar</i>	55
7	Sektor Omsorg, Helse og Sosial	57
7.1	Sektoren sine kommentarer.....	57
7.1.1	<i>Om sektoren og tenesteområda</i>	57
7.1.2	<i>Personal</i>	58
7.1.3	<i>Resultat for tenestemottakarane</i>	60
7.1.4	<i>Resultat for medarbeiderane</i>	63
7.1.5	<i>Økonomi</i>	65
7.1.6	<i>Utfordringar</i>	66
8	Sektor Teknikk og Miljø	68
8.1	Sektoren sine kommentarer.....	68
8.1.1	<i>Om sektoren og tenesteområda</i>	68
8.1.2	<i>Personal</i>	70
8.1.3	<i>Resultat for tenestemottakarane</i>	71
8.1.4	<i>Resultat for medarbeiderane</i>	77
8.1.5	<i>Økonomi</i>	78
8.1.6	<i>Utfordringar</i>	80

1 Årsmelding 2018

1.1.1 Rådmannens kommentar

Med dette legg rådmannen fram årsmelding for 2018.

Som kommune har vi og i 2018 serva alle våre innbyggjarar og mange tilreisande med tenester. I det store biletet meiner rådmannen vi kan væra stolte over det vi har levert i 2018. Vi har ein veldriven organisasjon som yter tenester til det beste for innbyggjarar og besøkjande.

2018 vart eit spesielt år då rådmannen våren 2018 teikna sluttavtale og underteikna har difor vore konstituert rådmann siste halvdel av 2018. Eg vil for min del nytta høvet til å takke tilsette i kommunen for eit framifrå arbeid og i den tida vi har vore utan fast rådmann. Samarbeidet med tillitsvalde og politikarar har og etter mi meining fungert godt. Sommaren 2018 var det framleis fleire "lause trådar" etter omorganiseringa dei siste par åra, men dette har organisasjonen klart å leva med.

Denne årsmeldinga er laga på same måte som årsmeldinga for 2017. Det betyr at det er sektoren som rapporterer og ikkje kvar einskild eining. På den måten vil meldinga gjenspegla budsjettet som er fordelt på kvar sektor/seksjon.

Den samla rekneskapen viser eit godt resultat på om lag 55 millionar i overskot. Dette til tross for at kraftfondet som vi hadde budsjettert med 25 millionar i overskot gjekk om lag 10 millionar i underskot. På den andre sida fekk vi om lag 40 millionar frå "havbruksfondet", positivt avvik på pensjonsføringane, og grunna høg strampris fekk vi god pris på konsesjonsstraumen vår.

På drifta har vi ei lita overskriding. Samanlikna med totalbudsjettet er denne svært liten overskriding. Straumprisen som var ein sterk bidragsytar for eit samla overskot er ein viktig årsak til dette overforbruket på drift. Leiarar og andre tilsette har arbeida godt med å levera tenester etter budsjetterte rammer.

Rosendal 13. februar 2019

Torstein Aarthun

Konstituert rådmann

1.1.2 Samfunnsutvikling

1.2.1 Demografi

Kommunen hentar folketalsdata frå ulike kjelder avhengig av kva føremål det skal nyttast til. Ein opplever då å få ulike tal frå folkeregisteret, statistisk sentralbyrå og Hordaland fylkeskommune sin statistikk. Dette kan skuldast at registreringa er gjort til ulik tid, at folk manglar fast bustadadresse etc. Denne utfordringa ser ein også dette året sjølv om trenden viser det same.

Folketalet i Kvinnherad er etter folkeregisteret sine tal per januar 2019 13.133 innbyggjarar. Det er ein nedgang på 27 personar i løpet av året 2018, og altså det fjerde året på rad der folketalet går ned.

Biletet er generelt at dei større og mest sentralt plasserte som bygdene maktar å halde på innbyggjartalet, medan dei minste opplever størst prosentvis nedgang.

FOLKETAL KVINNHERAD 2017-2018 (tal frå Folkeregisteret)						
	jan.15	jan.16	jan.17	jan.18	jan.19	Endring
Skulekrins (gml. innd.)	Antal innb.	Antal innb.	Antal innb.	Antal Innb.	Antal Innb.	frå 18 til 19
BAUGSTRANDA	35	34	36	30	28	-2
BREKKE	118	105	99	88	86	-2
BRINGEDALSBYGDA	630	625	614	648	631	-17
FATLAND	88	86	89	89	86	-3
HATLESTRAND	398	404	389	392	393	1
HAUGE	373	358	368	359	358	-1
HOLMEDAL	196	183	178	175	175	0
UKJENT SKULEKRINS	13	2	3	3	24	21
LØFALLSTRAND	165	175	176	175	172	-3
MALMANGER	1060	1065	1041	1051	1073	22
MATRE	82	82	83	85	82	-3
MAURANGER	249	243	243	237	234	-3
OMVIKEDALEN	781	803	789	798	782	-16
SEGLEM	343	341	353	344	330	-14
SKARVELAND	383	414	418	416	407	-9
SUNDE	1405	1221	1232	1212	1192	-20
SÆTRE	681	691	710	706	707	1
TOFTE	763	764	767	773	783	10
TRÅ	201	205	212	207	205	-2
UNDARHEIM	2492	2695	2638	2651	2648	13
USKEDALEN	1064	1057	1074	1049	1052	3
VALEN	1121	1101	1108	1098	1123	25
ØLVE	425	410	421	413	407	-6
ÅKRA	168	164	162	161	155	-6
Totalsum	13234	13228	13203	13160	13133	-27

Om vi ser på årsakene til at folketalet går ned, er det i all hovudsak tre forhold som spelar inn:

1. **Det vert fødd færre born.** Den delen av kvinnheringane som er fruktbar alder, minkar, og særleg kvinnene, som er ein føresetnad. Dei som faktisk får born, får heller ikkje like mange som før. Totalt har vi likevel fortsatt eit lite fødselsoverskot på 6 personar.
2. **Kvinnherad held fram med å ha ei aldrande befolkning,** det vil seie at ein stadig større del av befolkninga er over 60 år.
3. **Fråflytting.** Mange av dei som veks opp i Kvinnherad flyttar til byane for å studere, og kjem ikkje attende for å slå seg ned og få barn. Det er ei netto fråflytting og utvandring på 45 personar som får innbyggjartalet til å gå ned i løpet av 2018.


Samansetting av folketalsendring	
Kvinnherad 2018	
Folketalet ved inngangen av året	13180
Fødde	109
Døde	103
Fødselsoverskot	6
Innvandring	29
Utvandring	43
Innflytting, innanlandsk	284
Fråflytting, innanlandsk	315
Nettoinnflytting, inkl. inn- og utvandring	-45
Folketilvekst	-43
Folketalet ved utgangen av året	13137

Merk at «Folketalet ved utgangen av året» i tabellen har eit lite avvik (4 pers.) frå øvste tabell, som er frå jan. 2019. Kjelde: HFK, statistikkivest.no

Desse utviklingstrekka er noko ein i stor grad finn igjen på regionalt og til dels nasjonalt nivå. Kvinnherad vert såleis eit nedskalert bilete på Hordaland, der Husnes, Valen, Sunde, Sæbøvik og Rosendal i likskap med byane held på folketalet, men får ein eldre folkesetnad. Dei mindre bygdene som elles i utkanten av fylket, slit med både forgubbing og faktisk nedgang i folketalet over tid.

Aldersfordeling

[per 1. januar]



Kilde: Folkemengde, Statistisk sentralbyrå

1.1.3 Sysselsetting

2018 har vore eit særst godt år for sysselsettinga i Kvinnherad, med ein fortsatt nedgang i arbeidsløysa gjennom året frå 166 til 135 heilt arbeidsledige. I prosent gjekk arbeidsløysa ned frå 3,8% i 2017 til 2,5% i utgangen av 2018 (Kjelde; NAV.no). I eit historisk perspektiv teiknar 2018 seg inn som eit år med særst låg arbeidsløyse. I industrien generelt var det eit godt år, med nyttilsetjingar og endeleg klarsignal om å opne B-hallen på Hydro Husnes. Det same kan seiast om dei fleste andre næringar, men med eitt viktig unntak: Verftsindustrien i Kvinnherad slit fortsatt med etterdønningane etter oljekrisa, med skrale ordrebøker, raude tal i rekneskapan og enkelte konkursar.

Etter fleire år med god tilgang på kvalifisert arbeidskraft er det fleire stader no eit aukande problem med å få tak i kvalifisert arbeidskraft. Dette gjeld både i det private og i det offentleg, særleg innan helse- og omsorgssektoren, som vi veit vil krevje ei aka bemanning i åra som kjem.

1.1.4 Investeringar og nyanlegg

2018 har vore eit år med mykje investeringar og nyanlegg i kommunen. Fleire prosjekt har blitt ferdigstilt og fleire er under arbeid. Nokre store anlegg er ferdigstilt og det vert heile tida arbeidd med prosjekt i ulike størrelsar.

Tidleg i 2018 opna det nye Rosendalstunet. Bygget er eit tenleg og moderne bygg som vi vil ha nytte av i lang tid framover.

Festivas var det og då den nye vegen gjennom Lundsneset vart opna og då Opsangervegen blei "nyopna" etter ein omfattande oppgradering. På Halsnøy vart Kobbekbukta fiskerihamn

klar for bruk.

Hausten 2018 vart det gjort samrøysta vedtak om å sende inn bompengesøknad for "Kvinnheradpakken". Denne vegoppgraderinga vil resultera i stor anleggsaktivitet framover og eit estimert pengeforbruk på opp mot 900 millionar.

Rådmannen viser elles i denne samanheng til årsmeldinga frå Seksjon teknikk og miljø som mellom anna omhandlar prosjektavdelinga.

1.1.5 Interkommunalt samarbeid

SIM IKS

Kvinnherad kommune er medlem og medeigar av Sunnhordland interkommunale miljøverk IKS, som har ansvar for innsamling av alt hushaldsavfall og slam frå dei om lag 61.000 innbyggjarane og 8.000 hyttekundane i medlemskommunane. SIM legg vekt på førebyggjande tiltak for å redusera miljøforureining av luft, vatn og nærområde. Selskapet arbeider for å oppfylle miljøkrav og leggja til rette for at ressursane i avfallet vert nytta.

DIHVA IKS

Kvinnherad kommune er medlem og medeigar av Driftsassistansen i Hordaland (vatn og avløp). Selskapet sitt formål er å vera eit kompetansesenter for vatn- og avløpstenester. DIHVA er eigd av 29 kommunar.

Kvinnherad kommune deltek aktivt i selskapet, bl.a. ved at omtrent all opplæring og kompetansebygging vert gjort i regi av selskapet. Dette er kompetanse som Mattilsynet og Arbeidstilsynet set krav om.

Vest brann- og redningsregion

Kvinnherad kommune er i lag med 31 andre kommunar med i eit samarbeid for å utvikla og ivareta eit langsiktig fagleg samarbeid mellom sjølvstendige brannvesen i Bergensregionen innan følgjande fagområder:

- Brannførebyggjande arbeid
- Brann- og redningsberedskap
- Beredskap mot akutt forureining
- Naudmeldingsteneste (110-sentral)

Krisesenter vest IKS

Krisesenter vest IKS er eit interkommunalt selskap som er eigd av 17 kommunar er kommunen sitt krisesentertilbod. Avvik frå tilsynet i 2017 er retta opp, og kommunen meiner tilbodet fungerer godt for dei som treng det i Kvinnherad.

Samarbeidsrådet i Sunnhordland

Samarbeidsrådet for Kvinnherad er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes.

Føremålet er interkommunalt samarbeid på generell basis med særleg vekt på saker som skal fremja utviklinga i Sunnhordland. Ordførar og rådmann deltek på jamnlege møter i

samarbeidsrådet.


Aktuelle saker i 2018 har mellom anna vore samferdsle, museumsstrategi, interkommunale planar og uttale om framtidig tingrettsorganisering.

1.1.6 Organisasjon

Organisasjon

Fyrste halvår av 2018 vart nytta til å få på plass endringar etter omorganisering. Mykje var på plass ved inngangen til året, men noko tok det tid å få på plass. Ambisjonen var å evaluere omorganiseringsprosessen i løpet av 2018, men etter at rådmannen slutta vart dette utsett. Når toppleiar var konstituert vart det ikkje gjort store strukturelle grep. Mindre justeringar og nødvendige endringar har ein gjort etter behov.

Under ser ein det overordna organisasjonskartet slik det låg føre ved utgangen av 2018 .



1.1.6.1 Arbeidsmiljø

Kvinnherad kommune arbeider systematisk og breitt for å sikra eit godt arbeidsmiljø. I det systematiske arbeidet for å sikra eit godt arbeidsmiljø ligg måling og oppfølging av vernerundar, medarbeidersamtalar, arbeidsplassvurderingar, inneklimatemålingar, avviksrapportering samt ei større medarbeidarundersøking. Medarbeidarundersøkinga 10-Faktor vart gjennomført på hausten 2018. Den enkelte einingsleiar har ansvar for, saman med dei tilsette å følgja opp kartleggingane med konkrete tiltak på ulike nivå og med ulik tidshorisont. Det er rådmannen si oppfatning at arbeidsmiljøet generelt er godt i organisasjonen.

Medarbeidarundersøkinga vil gje grunnlag for å arbeide med arbeidsmiljøet i kommunen

fram mot neste undersøking som etter planen skal gjennomførast hausten 2020.

1.1.6.2 Rekruttering

I årsmeldinga for 2017 vart det vist til at kommunen er ein arbeidsplass der ein i hovudsak ikkje har store problem å rekruttere arbeidskraft. Samtidig vart det vist til at det var utfordrande å rekruttera enkelte yrkesgrupper, mellom anna sjukepleiarar og vernepleiarar. I 2018 har me sett at dette har forsterka seg. Kommunen har difor prøvt ut ei ny rekrutteringsordning for "interne" sjuke-/vernepleiarstudentar. Tilbodet er ei stønad på kr. 25.000,- pr. semester for siste studieår - totalt kr. 50.000,- for to semester. Det var 2 tilsette som nytta seg av ordninga. Kommunen har den siste tida hatt trainee-program for nyutdanna sjukepleiarar. I 2018 vart det rekruttert 1 sjukepleiar knytt til trainee-programmet.

Innan sektor oppvekst vert det stadig fleire faglege krav til undervisningspersonell. Dette har gjeve kommunen nokre utfordringar, mellom anna innan språkfag. Me ser og at det er utfordringar med å få tak i barnevernspedagogar i barnevernet.

Geografi er i nokre høve ei utfordring. Det er i større grad eit arbeidsmiljø i Kvinnherad enn det er i kommunane rundt større byar med fleire pendlarmuligheiter. Internt i kommunen er og geografi ei utfordring. Små fagmiljø har større utfordringar enn større og sentralt plasserte fagmiljø med å rekruttera. Dette har mellom anna vore medverkande til at kommunen innan Sektor omsorg har nytta noko vikarbyrå.

I samband med rekruttering har kommunen vore representert ved Sunnordlandstreff og ved lokal yrkesmesse.

1.1.6.3 Kompetanse og kvalitetsutvikling

Kommunen har ikkje sentralt kompetansehevingsbudsjett. Slike budsjett ligg under enkeltsektorar- og seksjonar og ligg i ramma som vert tildelt. Med tronge økonomiske rammer vert det diverre ikkje mykje interne pengar til kompetanseheving. Kommunen får midlar frå Fylkesmann/stat. Desse er øyremerka og kjem ikkje alle yrkesgrupper til gode.

1.1.6.4 Pensjon/AFP

19 tilsette i KLP og 9 tilsette i SPK tok ut heil eller delvis AFP i 2018.

Alderspensjon vart teke ut av 7 personar (KLP). 7 personar (SPK) tok og ut alderspensjon i 2018

14 fekk invilga heil eller gradert uførepensjon frå KLP og SPK. Nokon av desse fekk arbeidsavklaringspengar frå NAV i kortare eller lengre tid (personar som har vore sjukmelde i 1 år).

1.1.6.5 Sysselsetting / arbeidsutprøving i organisasjonen

Det har vert ein del aktivitet i 2018 i samband med sysselsetjing/arbeidsutprøving for personar som ein eller anna grunn har falle ut av det ordinære arbeidslivet. Dette gjeld personar med varierende aktivitetsgrad. Samarbeidet mellom kommunen og NAV og deira samarbeidspartnarar på dette feltet kan aukast i åra som kjem. Ved samarbeid gjev NAV tilskot til kommunen ved slik utplasseringar.

Det kan og nemnast at kommunen sine einingar tidvis vert nytta til språkpraksis. Dette gjev

praksiskandidaten nyttig praksis, men er ofte og ei god oppleving for våre tilsette. Rådmannen meiner dette er ei viktig oppgåve som vi må ta del i.

1.1.6.6 Likestilling-likeløn

Kommunale stillingar som til dømes lærar og lege rekrutterte tidlegare flest menn, men får no stadig fleire kvinner inn. Me ser også at stillingar som ingeniør som tidlegare var fullstendig mannsdominert, no også i stor grad rekrutterer kvinner. Det er likevel ennå barnehagesektoren og pleie/omsorg som skil seg ut som dei områda med skeivast kjønnsbalanse hjå oss. Her er det stor overvekt av kvinner.

Gjeldande hovudtariffavtale regulerer i stor grad lønsfastsetjinga i kommunen. Mange store yrkesgrupper i kommunen har avlønning i høve til sentralt fastsett minsteløn/stigar, eventuelt med mindre justeringar gjort i lokale lønsforhandlingar. Andre får si løn fastsett i lokale forhandlingar med grunnlag i føringar i hovudtariffavtalen (HTA) og eventuelle lokale føringar avtalt mellom partane.

Ved tilsetjing i einskilde stillingar vert det gjeve "løn etter avtale". Det vert her teke omsyn til generelt lønsnivå, kompetanse, rekrutteringsbehov i kommunen/tenesteområdet, krav frå søkjar osv. I særskilde tilfelle vert og løn nytta for å rekruttera og stabilisera kritisk kompetanse.

For stillingar i hovudtariffavtalen sitt kap. 5 - er berre lokal lønsfastsetjing: Dette gjeld mellom anna ingeniør- lege- og rådgjevarstillingar. Kjønn er ikkje avgjerande i lønsfastsetjing eller lønsutvikling.

For leiarstillingar - HTA kap. 3 - gjeld også berre lokal lønsfastsetjing: Dette gjeld einingsleiarstillingane, sektorleiarane, seksjonsleiarane og rådmann/kommunedirektør. I desse stillingsgruppene er gjennomsnittsløn for kvinner og menn tilnærma lik. Ulikskapar i løn som ein kan registrere, kjem av at leiarane har ulike ansvarsområde. I 2018 gjennomførte kommunen lokale lønsforhandlingar i HTA kap. 3 og 5 der lønsutviklinga i HTA kap. 4 var retningsgjevande. Rådmannen vurderte det slik at det som har skjedd ved oppgjeret i 2018 ikkje har endra lønsforholda mellom kvinner og menn.

På rådmannsnivå og einingsnivå er fordelinga mellom kvinner og menn fylgjande:

- I rådmannen si leiargruppe: 4 kvinner og 4 menn
- Leiargruppa sektor omsorg, helse og sosial: 9 kvinner og 6 menn
- Leiargruppa sektor oppvekst: 15 kvinner og 8 menn
- Leiargruppa sektor teknikk og miljø: 2 kvinner og 5 menn

1.1.6.7 Lærlingar

Kvinnherad kommune har i 2018 hatt lærlingar innan barn/ungdom, helsefag, IKT og institusjonskokk. Ved årsskiftet til saman 19 lærlingar. Kommunen samarbeider framleis med Fusa VG innan TAF-helse, og desse lærlingane er kvinnheringar.

1.1.7

Felles prosjekt og satsingar i organisasjonen

1.1.7.1 Betre tverrfagleg innsats

2018 har i stor grad handla om arbeid for implementering. Ein tenkjer då implementering både av kva det inneber å vera ein BTI kommune og av Stafettloggen som verktøy. Det har vore arbeida ut mot einingsleiarar og avdelingsleiarar i Sektor oppvekst og kultur Det har vore nytta leiarsamlingar og opplæringsbolkar for to personar frå alle aktuelle einingar i loggverktøyet. Prosjektleiar har også vore ute i einingane og hatt møter med tilsette og i nokre tilfelle også foreldre.

Ein del av BTI-arbeidet handlar om korleis kommunen driv oppfølging av barn som er pårørande til fysisk eller psykisk sjuke føresette eller søsken. Føremålet med dette arbeidet er å sikre at minderråinge barn, som pårørande til pasient med alvorlege helseproblem, får naudsynt informasjon og oppfølging. Her er det i 2018 kome på plass rutinar som byggjer på Helsepersonellova §10 a og § 10 b. Desse er utarbeida i samarbeid med fastlegetenesta og helsestasjon.

Det vart i 2018 oppretta og kontinuerleg jobba med nettstaden <https://kvinnherad.betreinnsats.no/>. Her kan ein finne rutinen for korleis ein skal gå frå å uroe seg til handling, samt mykje anna informasjon som til dømes både kva tenestetilbod kommunen har til barn, unge og familiar. Her finn ein også informasjon om korleis ein driv samhandling i Kvinnherad kommune.

1.1.7.2 Barnefattigdomsprosjektet

Barnefattigdomssatsinga har som mål å bidra til at kommunen vert betre i stand til å avdekke og handtere arbeid med utsatte barn og unge. Det har heile vegen vore eit mål for satsinga å arbeide for større grad av heilskapstenking i satsingar ut mot målgruppa for å sjå korleis ein best mogeleg kan nytte ressursar i utviklingsarbeidet til kommunen. Det har ført til at barnefattigdomssatsinga, i tillegg til å vera ei sjølvstendig satsing, på ulike vis vert teken med, både som kunnskapsgrunnlag og som medarbeidar i prosjektarbeid, i andre satsingar som er samanfallande. Ein må derfor sjå arbeidet med td BTI, folkehelseprogram, inkluderande barnehage- og skulemiljø samt utprøving av familiekoordinator som ein del av det som fører til måloppnåing også i denne satsinga.

Det har likeeins vore ei målsetjing at kunnskapen ein får i denne satsinga skal inn i planarbeidet til kommunen. Det er for 2018 klart at barnefattigdom har nådd inn i følgjande planar:

- ·Ny kommuneplan – samfunnsdel og arealdel
- ·Kommunedelplan for helse omsorg og sosial
- ·Kommunedelplan for regionsenteret Husnes
- ·Frivilligplan
- ·Bustadsosial handlingsplan

På tiltakssida har det vore følgjande framgong for 2018;

Det har vore gitt ein del midlar til kompetanseheving for tilsette som arbeidar ut mot målgruppa. Det har her vore eit poeng og samle tilsette som arbeidar ut mot same aldersgrupper, uavhengig av kva eining eller sektor dei høyrer til.

Barnefattigdomssatsinga har i 2018 vore i samarbeid med Frivilligsentralen med mål om å starte opp BUA ordning i Kvinnherad. Det har også vore jobba vidare med ressurskontaktar ute i frivillige lag med mål om betre inkludering av alle i idrett og kultur.

Det har over noko tid, i samarbeid med Opplevelseskortet, vore arbeida med moglegheita for lokal utarbeiding av ein app som skulle fungere om lag slik som aktivitetskorta fungerer i dag. Dette arbeidet vart i 2018 lagt vekk, og tanken no er at Opplevelseskortet, som var vår samarbeidspart, skal gjerast om til app og prøvast ut i vår kommune etter kvart. Me får også vera med på vidareutvikling av dette kortet slik at det vil passe betre med vår tanke.

Det er tatt initiativ til oppstart av utarbeiding av samarbeidsavtalar mellom einingar. Først ute her er NAV og Helsestasjon, men det er også eit ynskje om oppstart av same arbeid mellom Barnevern og NAV

1.1.7.3 Trafikksikker kommune

Kommunen er ein viktig aktør i det lokal trafikktryggleiksarbeidet og har eit stort ansvar for å førebyggje ulukker. Gjennom lover og forskrifter har kommunen plikt til å drive systematisk ulukkeførebyggjande arbeid i alle sektorar. Med dette som utgangspunkt skreiv Kvinnherad kommune i november 2016 under på intensjonsavtale med Trygg Trafikk og Hordaland fylkeskommune med omsyn til å oppnå status som trafikksikker kommune. Trafikksikker kommune byggjer på ei godkjenningsordning. At ein vert godkjent betyr ikkje at det ikkje lenger vil skje trafikkulukker, men godkjenninga er eit kvalitetstempel på eit godt, målretta og samordna arbeid med trafikktryggleik. I løpet av 2017 og 2018 vart det arbeid ut ei einingane med å sikre rutinar og retningsliner som stettar krava i ordninga. September 2018 vart det gjennomført godkjenningsmøte der aktuelle leiarar og tilsette, Trygg trafikk og Hordaland fylkeskommune var til stades. Seinare same månad var det markering av Kvinnherad kommune som ein Trafikksikker kommune i kommunestyret. Godkjenninga varar i 3 år og arbeidet lyt fylgjast opp og prioriterast kontinuerleg også i tida som kjem.

1.1.7.4 Regionsenter Husnes

Under hatten «Regionsenteret Husnes» har det vore fleire mindre prosjekt. Det vart gjennomført eit mulighetsstudie for ein møteplass i Regionsenteret og eit mulighetsstudie for korleis mjuke trafikkantar skulle ferdast i og rundt Husnes Regionsenter. Prosjekta har invitert innbyggjarane til å vera aktive og det kom inn mange gode forslag. Prosjekta vart presentert for formannskapet hausten 2018.



1.1.8 Inntekstpostar

1.1.8.1 Kraftfondet

Kvinnherad kommune sitt Kraftfond hadde gjennom 2018 ein bra utvikling, men dei siste månadane av året gjekk børsane nedover og kraftfondet gjekk ut med negativ utvikling.

Ved årets start var verdien kr. 715,4 mill. og ved årets slutt kr.704,4 mill. Verdien av fondet sank altså med kr. 11 mill. Kommunestyret budsjetterte med ei avkasting på kr. 25 mill. slik at bokført resultat i drifta vart minus kr. 36 mill.

Resultatet for aktivaklasser var slik:

- Norske aksjer - 2,6 %
- Globale aksjer - 8,9 %
- Obligasjoner - 1,7 %
- Pengemarked 3,0 %
- Anleggsobl. 4,9 %
- Private Equity 4,6 %
- Eigedom 5,7 %
- Hedge Fund - 1,4 %

Totalt -1,5 %

1.1.8.2 Konesjonsstraum

Kvinnherad kommune mottek årleg ca. 160 GwH frå Statkraft og SKL. Prisen vert fastsett av

departementet (OED-prisen), og for 2018 var den 11,20 øre pr. kWh.

Kommunestyret budsjetterte med ei nettoinntekt på sal av konsesjonsstraumen på kr. 22 mill. Straumprisen sommaren 2018 vart mykje høgare enn venta, og prisen for hausten var også svært god. I samråd med Kvinnherad Energi selde kommunen straumen på lange avtalar (alternativet ville vore å selja i spot-marknaden frå dag til dag).

Nettogeinsten på konsesjonsstraumsalet vart etter dette kr. 32,7 mill. eller kr. 10,7 mill. over budsjettet.

1.1.8.3 Havbruksfond

Kvinnherad kommune fikk i 2018 kr. 40 mill. frå Havbruksfondet. Dette er ei ordning der staten auksjonerer ut konsesjonar for oppdrettsnæringa. Tidlegare fekk staten inntektene, men frå 2017 har kommunane tent på dette. Konsesjonane vert auksjonert ut for 2 år om gongen, slik at det ikkje er venta inntekter frå dette i 2019. Ei eventuell inntekt i 2019 , vil på same måte som i 2017, kome som ei følge av "nye" konsesjonar.

Det er fortsatt mykje som ikkje er avklara med denne ordninga, og inntektene frå Havbruksfondet er så usikre at kommunane ikkje bør budsjettera med dei.

1.1.8.4 Eigedomsskatt

Kvinnherad kommune har hatt eigedomsskatt på verk og bruk sidan 1982. I 2012 vart det også innført på hus/ hytter. I 2014 vart dette siste fjerna for så å bli innført igjen i 2017. Satsen på hytter/ hus er 2 promille, mens den for verk / bruk (eller næring som det no skal kallast) er 7 promille.

Inntektene av eigedomsskatten har gått ned dei siste åra fordi statlege myndigheiter ikkje vil høgna kapitaliseringsrenta. For 2018 var inntekta kr. 67,7 mill.

Sakkunnig nemnd for eigedomsskatt valte for 2018 å gjera ei endring på taksten for SØRAL (HYDRO Husnes) ved at ein gjekk tilbake til den opprinnelege taksten frå 2010 i staden for den reduserte taksten som vart nytta frå 2010 til 2017. Årsaka til at taksten har vore lågare er dei økonomiske problema Hydro hadde i fleire år frå 2009. Forskjellen mellom takstane er kr. 2 mill. i skatt (kr. 3.9 mill. i perioden 2010-2017 og kr. 5,9 mill. i 2018)

Hydro har klaga på taksten for 2018, og saka har vore oppe i ankenemnda for eigedomsskattetakst. Nemnda har bede om ny taksering av anlegga til Hydro Husnes fordi taksten er mangelfull (det er brukt feil metode og det manglar taksering av ei rekkje bygningar og trafoanlegg).

Kommunen har engasjert firmaet Hydrologiservice til å taksere anlegga, og ny takst er venta i byrjinga av april 2019.

1.1.9 Kommunen som verksemd

1.1.9.1 Folkevalde

Oversikt over møte som har vore i 2018:

- Kommunestyre - 10 møte med i alt 98 saker

- Formannskapet - 14 møter med i alt 92 saker
- Forvaltningskomité – 8 møte med i alt 142 saker
- Levekårskomiteé – 5 møte med i alt 35 saker

I tillegg har administrasjonsutvalet arbeidd med rekruttering av ny kommunedirektør.

Temadagar/besøk/synfaringar:

Kommunestyret

- Orientering frå lensmann Sigurd Børve og lensmannsbetjent Sondre Solheim om situasjonen i lensmannsdistriktet.
- Deloitte v/Line Margrete Johansen; presentasjon etter forvaltningsrevisjon av psykososialt arbeidsmiljø i grunnskulane Kvinnherad kommune.
- Ferjesamband Kvinnherad/Stord – siste versjon av silingsrapport
- Kommuneplan. Planprosess for kommuneplanen sin samfunnsdel og arealplan.
- Generalforsamling i Kvinnherad Energi, møte 24.5.2018
- Orientering om ny brannordning/struktur v/brannsjef Atle Josdal
- Markering av «Trafikksikker kommune», møte 27.9.2018
- Kurs i «Ny kommunelov» v/Deloitte, møte 29.11.2018
- Omvisning i Folgefonnsenteret, møte 29.11.2018
- Julehelsing ved prosten i Sunnhordland, møte 20.12.2018

Formannskapet

- Omvising på Rosendalstunet
- Kvardagsrehabilitering – orientering frå prosjektgruppa
- Framdrift/løysing Aksen Husnes
- Oppstart samfunnsplan/kommunearealplan for Kvinnherad kommune
- Arbeidsmøte i samband med økonomiplanen, 7.6.2018
- Møte med Kvinnherad Fellesråd, 16.08.2018
- Informasjon frå Haugaland Kraft, 13.09.2018
- Informasjon frå BKK, 11.10.2018
- Statens vegvesen v/Kaisa Banne om bompengesøknad
- Orientering om tiltaka i Kvinnheradspakken ved Sigbjørn Øye
- Arbeidsmøte, budsjett, 2.11.2018

Økonomisk resultat

Ansvar 3100 "politikk" har i 2018 ei stor overskriding i høve budsjett. Dette er vist i

rekneskapen og skuldast i fyrste rekke sluttavtale med rådmannen og prosessen kring dette.

1.1.9.2 Administrasjon

I administrasjonen har den nye organiseringa etter kvart sett seg. I 2018 kom dei sist tilsette leiarane på plass, og det er nå gjennomført ein organisering som er organisert etter ein 3- og 4- nivåmodell.

Kommunen er no organisert slik at det er ein større del av dei tilsette som har leiarfunksjonar. Dette betyr og at leiarane er tettare i og på drifta.

1.2 Rekneskap 2018

Økonomisk oversikt drift

	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Avvik
Sum driftsinntekter	1 265 933 315	1 132 715 263	133 218 052
Sum driftsutgifter	1 200 432 703	1 109 513 770	90 918 933
Brutto driftsresultat	65 500 612	23 201 493	42 299 119
Sum eksterne finansinntekter	10 225 031	35 468 000	-25 242 969
Sum eksterne finansutgifter	109 571 631	87 129 985	22 441 646
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-99 346 600	-51 661 985	-47 684 615
Motpost avskrivninger	58 560 933	-	58 560 933
Netto driftsresultat	24 714 945	-28 460 492	53 175 437
Sum bruk av avsetninger	129 868 073	39 275 601	90 592 472
Sum avsetninger	99 591 655	10 191 947	89 399 708
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	54 991 363	623 162	54 368 201

Brutto driftsresultat:

Driftsinntekter - driftsutgifter inkludert avskrivningar : kr 65,5 mill. (positivt).

Dette er kr 42,3 mill. meir enn budsjettert. Inntekter frå havbruksfondet ligger inne i brutto driftsresultat med kr 40,0 mill. (ikkje budsjettert). Avskrivning ligger inne som kostnad. Kjem igjen som inntekt før netto driftsresultat.

Netto driftsresultat - Brutto driftsresultat -finanstransaksjonar - avskrivning: kr 24,7 mill. (positivt). Dette utgjer 2% av driftsinntektene. Resultatet er kr 53,2 mill. betre enn budsjettert.

Rekneskapsskjema 1 a

	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Avvik
Regnskapsskjema 1A - drift			
Skatt på inntekt og formue	333 844 833,21	335 618 010,00	-1 773 177
Ordinært rammetilskudd	395 261 572,00	383 570 000,00	11 691 572
Skatt på eiendom	67 723 594,14	68 000 000,00	-276 406
Andre direkte eller indirekte skatter	33 468 439,00	34 000 000,00	-531 561
Andre generelle statstilskudd	148 034 852,88	87 675 377,00	60 359 476
Sum frie disponible inntekter	978 333 291,23	908 863 387,00	69 469 904
Renteinntekter og utbytte	9 995 702,97	10 395 000,00	-399 297
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	173 620,65	25 000 000,00	-24 826 379
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	26 524 497,34	27 408 915,00	-884 418
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	23 270 179,00	-	23 270 179
Avdrag på lån	59 536 033,00	59 611 070,00	-75 037
Netto finansinnt./utg.	-99 161 385,72	-51 624 985,00	-47 536 401
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk	-	-	
Til ubundne avsetninger	71 563 859,27	-	71 563 859
Til bundne avsetninger	17 774 195,00	10 191 947,00	7 582 248
Bruk av tidligere regnsk.m. mindreforbruk	90 266 662,27	-	90 266 662
Bruk av ubundne avsetninger	33 500 000,00	33 840 000,00	-340 000
Bruk av bundne avsetninger	6 101 411,00	5 435 601,00	665810
Netto avsetninger	40 530 019,00	29 083 654,00	11 446 365
Overført til investeringsregnskapet	10 253 601,00	-	
Til fordeling drift	909 448 323,51	886 322 056,00	23 126 268
Til fordeling drift korrigeret	947 414 725,22	890 569 315,00	56 845 410
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	892 423 362,39	889 946 153,00	2 277 209
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	-54 991 362,83	-623 162,00	-54 368 200

Rekneskapsmessig mindreforbruk

Som det går fram av oversikta, viser årsresultatet for Kvinnherad kommune eit rekneskapsmessig mindreforbruk på 54,9 mill.

Inntekter (rammetilskot og skatt m.m.)

Summen av inntektene skatt, inntektsutjamning, rammetilskot, og andre generelle tilskot frå staten viser eit positivt avvik på kr 69,5 mill. (sjå nærmare forklaring under).

Skatt/inntektsutjamning: Skatteinngangen er 2,0 mill. mindre enn budsjettet.

Kvinnherad kommune sin skatteinngang er 88% av landsgjennomsnittet.

Kommunen fekk kr 8,2 mill. meir enn budsjettert i inntektsutjamning.

(Kommunen vert kompensert for 60% av skattinngang mindre enn 100% av landsgjennomsnittet samt 35% av det som er under 90%. I tillegg korrigerer for medfinansiering av det som vert kompensert under 90% av landsgjennomsnittet)

Rammetilskot: Inntektsutjamning kjem som ein del av rammetilskotet og er ført her med meirinntekteter på kr 8,2 mill. Utover budsjetter rammetilskot (grønt hefte) har kommunen fått tilskot til barnefattigdom (0,75 mill.), retaksering av eigedomsskatt (0,94 mill.), ubrukte skjønntilskot (0,27 mill.), taksoppgjjer leger (0,14 mill.) samt saldering (0,4 mill.).

Eigedomsskatt: Eigedomsskatteinntektene vart om lag som budsjettert. Mindreinntekter på kr 0,25 mill.

Andre direkte eller indirekte skattar: Her er Naturressursskatt og Konesjonsavgift inntektsført med henholdsvis 24,2 mill og 9,2 mill.

Andre generelle statstilskot: Viser meirinntekter på kr 60,3 mill. Dette skuldast overføringar frå Havbruksfondet kr 40,0 mill. samt andre generelle statstilskot i hovudtrekk til oppvekst og omsorg.

Kommunen fekk kr 47,0 mill. i statstilskot til dekning av utgifter ved busetting av flyktningar. Det er inntektsført kr 40,3 mill. til ressurskrevjande brukarar i 2018. Kr 39,4 mill. er budsjetterte overføringar for 2018. Kr 0,925 mill. er avrekning for ressurskrevjande brukarar i 2017.

Netto finanspostar

Netto finansposter viser eit meirforbruk dette året på kr 47,5 mill. Dette skuldast i stor grad tap på finansielle instrument kr 23,3 mill. (kraftfondet kr 10,7 mill. og konsesjonskraft kr 12,6 mill.).

Finansielle tap konsesjonskraft skuldast sikring av straumpriser i eit år der straumprisane auka meir enn forventa.

Netto avsetning:

Avvik i forhold til budsjett skuldast disponering av overskot 2017 samt avsetning/bruk av fond som må først etter rekneskapsforkrifta.

Rekneskapsskjema 1b

Tabellane under gir ein oversikt over avvik budsjett rekneskap til sektorane og seksjonane. Totalt er det eit negativt avvik på kr 2,5 mill. Dette er nærare skildra under sektorane og seksjonane i årsmeldinga.

		Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Avvik
300	Sektor Oppvekst	311 697 974	311 579 295	118 679
400	Sektor Omsorg Helse og Sosial	410 577 886	416 640 652	-6 062 766
500	Sektor Teknikk og Miljø	82 245 216	75 966 528	6 278 688
600	Stab	30 092 412	32 085 199	-1 992 787
620	Seksjon løn og personal	10 332 207	10 377 572	-45 365
640	Seksjon Kultur, Næring og Utvikling	16 119 106	17 851 807	-1 732 701
660	Seksjon forvaltning	3 258 596	2 139 431	1 119 165
680	Rådmannen	19 142 696	17 413 671	1 729 025
700	Politikk	8 957 271	5 891 998	3 065 273
	TOTALT	892 423 362	889 946 153	2 477 209

Rekneskapsskjema 2a

	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Avvik
Regnskapsskjema 2A - investering			
Investeringer i anleggsmidler	291 368 918	430 258 000	-138 889 082
Utlån og forskutteringer	19 117 510	25 000 000	-5 882 490
Kjøp av aksjer og andeler	7 284 908	3 300 000	3 984 908
Avdrag på lån	25 233 452	-	25 233 452
Dekning av tidligere års udekket	-	-	
Avsetninger	6 363 601	-	6 363 601
Årets finansieringsbehov	349 368 389	458 558 000	-109 189 611
Finansiert slik:			
Bruk av lånemidler	126 927 680	261 329 000	-134 401 320
Inntekter fra salg av anleggsmidler	5 948 342	32 429 000	-26 480 658
Tilskudd til investeringer	3 695 000	103 676 000	-99 981 000
Kompensasjon for merverdiavgift	45 554 467	49 763 000	-4 208 533
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	140 277 911	4 350 000	135 927 911
Andre inntekter	-	-	
Sum ekstern finansiering	322 403 400	451 547 000	-129 143 600
Overført fra driftsregnskapet	10 253 601	-	10 253 601

	Regnskap 2018	Budsjett 2018	Avvik
Bruk av tidligere års udisponert	-	-	
Bruk av avsetninger	16 711 388	7 011 000	9 700 388
Sum finansiering	349 368 389	458 558 000	-109 189 611
Udekket/udisponert	-	-	

Rekneskapskjema 2a viser totale investeringar i 2018 og korleis desse er finansiert.

Kommunen har betalt ned ekstraordinære avdrag i Husbanken med kr 19,4 mill (2017 og 2018) i tillegg til ordinære avdrag Startlån.


Kommunen har i 2018 motteke kr 98,0 mill. i refusjon frå Husbanken for utbygging av Rosendaltunet.

Det er investert kr 139,0 mill. mindre i anlegg enn budsjettert.

Investeringar

Fordeling av investeringsmidlane følgjer av oversikten under. Oversikten viser brutto investeringar som danner grunnlag for aktivering. For ytterlegare informasjon sjå detaljar samt note 2 i årsrekneskapan.

		Regnskap 2018	Budsjett 2018	Avvik
50	VATN	29 040 893	51 042 000	-22 001 107
51	AVLØP	30 834 441	65 650 000	-34 815 559
52	VEG/PARK/IDRETT	94 302 083	105 250 000	-10 947 917
53	BYGG	84 044 552	135 636 000	-51 591 448
54	EIGENDOM	28 644 698	34 711 000	-6 066 302
55	TEKNIKK OG MILJØ	8 350 792	8 779 000	-428 208
59	ANDRE PROSJEKT	16 150 817	29 190 000	-13 039 183
	TOTALT	291 368 275	430 258 000	-138 889 725



Arbeidskapital/Likviditet

Tabellen under syner utvikling av arbeidskapitalen dei siste 3 åra. Arbeidskapitalen er definert som omløpsmiddel minus kortsiktig gjeld.

	2018	2017	2016
Omløpsmidlar:			
Endring betalingsmidlar	-28 323 074	68 649 075	10 414 975
Endring sertifikat og obligasjonar	21 118 000	31 640 000	30 392 000
Endring kortsiktige fordringer	14 128 934	6 499 102	6 188 604
Endring premieavvik	9 024 508	2 002 533	1 985 555
Endring aksjer og andeler	-31 776 000	33 476 000	-5 199 000
Endring omløpsmidlar	-15 827 632	142 266 710	43 782 134
Kortsiktig gjeld:			
Endring kortsiktig gjeld	45 216 289	-22 242 638	-2 670 341
Endring arbeidskapital (balanse)	29 388 657	120 024 072	41 111 793

Premieavvik er ein del av omløpsmiddel, men er ikkje ein del av den kortsiktige likviditetsoppbygginga. Premieavvik skal kostnadsførast/amortiseras over 15/10/7 år. Kommune sin arbeidskapital har blitt styrka i 2018. Ved årsskiftet er arbeidskapitalen kr 869,3 mill. Av dette er kr 64,5 mill. premieavvik og kr 704,4 mill. i kraftfondet. Ser vi bort i frå premieavvik og kraftfond er den reelle likviditeten kr 100,4 mill.

Tabellen under viser korleis dei likvide midlane har endra seg dei 3 siste åra. Desse er sett opp i mot netto kg - kortsiktige krav eksl. premieavvik. Kraftfondet som omløpsmiddel kan gjerast likvid avhengig av type verdipapir.

	2 018	2 017	2 016
Bankinnskot	175 858 154	204 181 288	135 532 212
Skattetrekk	24 819 670	24 599 220	23 161 252
Disponible bankinnskot	151 038 484	179 582 068	112 370 960
Ubrukte lånemidlar	162 100 412	136 851 092	87 603 149
Kjernelikviditet	-11 061 928	42 730 976	24 767 811

	2 018	2 017	2 016
Fordringer - premieavik - kg + skattetrekk	-104 802 194	-151 566 144	-132 275 586
Sum overskotslikviditet	-115 864 122	-108 835 168	-107 507 775
Kraftfondet som omløpsmidler	704 388 000	715 046 000	649 930 000


Denne oversikten gjev oss ein negativ likviditet på 115,8 mill. i 2018. Tar vi omsyn til ubrukte lånemidlar vert likviditeten positiv med kr 46,3 mill.

Låneportefølje

Låneporteføljen har eit samla volum på kr 1,594 mill. ved årsskiftet.

Porteføljen fordeler seg på følgjande bankar:


	Saldo	Prosentvis av total
Husbanken:	148 256 795	9 %
SR Bank	527 460	0 %
Kommunalbanken	672 850 000	42 %
KLP	157 750 000	10 %
Danske Bank	398 366 000	25 %
DnB	216 393 000	14 %
	1 594 143 255	100 %



Fordeling fast/flytande rente:

	Saldo	Prosentvis av total
Rentebinding over 1 år	872 229 084	55 %
Rentebinding under 1 år	669 116 000	42 %
Sum rentebinding	1 541 345 084	97 %
Flytande rente	52 798 171	3 %

	Saldo	Prosentvis av total
Sum	1 594 143 255	100 %




Porteføljen si rentebindingstid er **1,18 år** (vekta gj.snittlig rentebindingstid).

Vekta gjennomsnittrente er **1,70%**

Kapitalbinding **3,02 år**. Viser kor lang tid det tar før renter, avdrag og hovedstol er nedbetalt eller forfalle til betaling. Dess høgare tal dess mindre refinansieringsrisiko.

Rentesensitivitet (1% auke): kr. **7.313.867** Estimat på økte rentekostnader ved 1% auke i det generelle rentenivået (total gjeld * rentebinding under 1 år * 1%)

Utviklinga av langsiktig gjeld og brutto driftsinntekter:



Langsiktig gjeld har auka frå kr 1.145 mill til kr 1.594 dei fem siste åra. Det er ein auke på 39%. Brutto driftsinntekter har auka frå kr 1.059 mill. til kr 1.266 mill. Dette er ein auke på 20%. Dette betyr at belastninga på driftsbudsjettet gjennom avdrag og renter har auka dei siste åra.

Premieavvik

	2018	2017	2016
PREMIEAVVIK	-20 993 995	-10 145 151	-9 050 605
AMORTISERING PREMIEAVVIK	9 114 623	8 142 618	6 849 675
PREMIEAVVIK BALANSE	64 537 998	52 658 627	50 656 094

Årets premieavvik er 21,0 mill. Dette vert ført som inntekt i 2018, deretter kostnadsført med 1/7 i 7 år framover. Årets amortisering av premieavvik er kr 9,1 mill. Dette er kostnadsføring av tidlegare års premieavvik. Amortisering er 15 år, 10 år og 7 år avhengig av når premieavviket har oppstått. I balansen ub 2018 står det kr 64,5 mill som premieavvik. Desse skal kostnadsførast dei neste 15, 10 og 7 årene. I tillegg kjem det nye premieavvik kvart år (positive eller negative). Det er sett av kr 26,4 mill. på disposisjonsfond merka premieavvik. Desse midlane kan vera med å dekke opp amortiserte kostnader premieavvik.

Nøkkeltal

	Kvinnh.	Kvinnh.	Voss	Stord	Mandal	Gr.11
	2017	2018	2018	2018	2018	2018
Netto driftsres. i % av brutto driftsinnt.	7 %	2 %	-1 %	0 %	3 %	2 %
Årets mindre/merforbruk i % av brutto driftsinnt.	8 %	4 %	0 %	1 %	1 %	1 %
AK ex.premieavvik i % av brutto driftsutgifter	67 %	63 %	25 %	12 %	16 %	16 %
Netto renteeksponering i % av brutto driftsinntekter	44 %	66 %	31 %	55 %	31 %	51 %
LG ex pensjonsforpl. i % av brutto driftsinnt.	128 %	124 %	94 %	143 %	95 %	100 %
Netto lånegjeld i kr pr. innbygger	92 655	94 301	54 018	97 531	60 654	80 926
Frie inntekter pr. innbygger kr	55 553	57 346	57 908	53 058	55 134	56 820
Fri Ek i % av brutto driftsinnt.	14 %	12 %	6 %	1 %	12 %	7 %
Brutto invest.utg i % av brutto driftsinnt.	25 %	23 %	5 %	23 %	10 %	13 %
Eigenfinansiering av invest. i % av brutto invest.	21 %	57 %	1 %	2 %	-4 %	22 %

Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter:

Netto driftsresultat vert rekna ut i frå brutto driftsresultat, men tek i tillegg omsyn til resultat eksterne finansieringstransaksjonar (renter, avdrag finansielle instrument o.s.v), samt korrigerings for avskrivningar slik at dei ikkje får resultat effekt. Netto driftsresultat kan enten brukast til å finansiera investeringar eller setjast av til seinare bruk. Kvinnherad kommune har i 2018 eit netto driftsresultat på 2%. Telemarksforskning si anbefaling er ein resultatgrad på 1,75%. Avkastning kraftfondet gir direkte utslag på netto driftsresultat og forklarar nedgangen på resultatgraden frå 2017 til 2018.

Årets mindreinntekter i % av brutto driftsinntekter:

Årets mindreforbruk er netto driftsresultat justert for interne finansieringstransaksjonar. Nøkkeltalet viser 4 % (netto driftsresultat 2%) som seier oss at vi har brukt meir av avsette midlar enn det som er satt av til seinare bruk.

Arbeidskapital (AK) i % av brutto driftsinntekter:

Arbeidskapitalen ex premieavvik vert definert som differansen mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld. Dette gjev eit uttrykk for likviditet. Kvinnherad kommune viser eit høgt forholdstal på arbeidskapitalen i forhold til andre vi samanliknar oss med. Grunnen til det er at Kraftfondet (kr 704,4 mill.) vert definert som omløpsmiddel.

Netto renteeksponering i % av brutto driftsinntekter:

Variabelen gjev ein indikasjon på kor mykje av kommunen sin renteeksponerte gjeld som er igjen etter at rentekompensasjon og renteberande likviditet er trekt i frå i forhold til driftsinntekter. Kvinnerad har ein renteeksponering på 63% i 2018 som betyr ein renteauke på 1% vil bruke 0,63% av driftsinntektene. Variabelen kan gje ein indikasjon på kor sårbar kommunen er for endring i rentenivået.

Langsiktig gjeld eks. pensjonsforpliktingar i % av brutto driftsinntekter:

Ordinære renter og avdrag på lån (til investering) skal finansierast av driftsinntekter, og indikatoren syner langsiktig gjeldsbelastning i forhold til inntekter.

Netto lånegjeld i kr pr. innbygger:

Definisjonen på netto lånegjeld er langsiktig gjeld minus totale utlån og ubrukne lånemidlar.

Frie inntekter pr. innbygger (kr):

Skatt på inntekt og formue inkludert naturressursskatt, og rammetilskot er definert som frie inntekter.

Fri egenkapital drift i prosent av brutto driftsinntekter:

Indikatoren syner fri egenkapital til driftsformål i prosent av driftsinntekter.

Fri egenkapital drift oppgjev differansen mellom midlane som står på disposisjonsfond og rekneskapsmessig meirforbruk. Kommunen har dei siste åra gått med overskot som er sett av til disposisjonsfond.

Brutto investeringsutgifter i % av brutto driftsinntekter:

Forholdstalet seier noko om framtidig belastning på driftsbudsjettet gjennom avdrag og

renter for den delen av investeringane som er lånefinansiert. Nivået på investeringane varierer frå år til år noko som gjer det vanskeleg å samanlikna.

Eigenfinansiering av investeringane i % av totale brutto investeringar:

Nøkkeltalet seier noko om kor stor del av investeringar som vert finansiert med eigenkapital. Høg eigenkapitalandel gjev mindre belastning på framtidige budsjett.

2 Seksjon Stab

2.1 Seksjonen sine kommentarar

2.1.1 Om seksjonen og tenesteområda

Seksjon stab har brukarar i alle sektorar og seksjonar i organisasjonen, og har i tillegg oppgåver retta mot tenester til politikarar og til innbyggjarane våre. Tilsette samarbeider på tvers av fag- og tenesteområde, og har dagleg fokus på at det skal vera god arbeidsflyt både i og på tvers av avdelingar, og ut til våre samarbeidspartnarar.

På dette grunnlaget vidareutviklar me gode og effektive tenester ut mot brukarane. Målet vårt er at tenestene våre skal følgja den digitale utviklinga i samfunnet elles, og at strategi- og utviklingsoppgåver ikkje vert «slukt av» dagleg drift. Dette har også dette året vore ei stor utfordring. Omorganiseringssprosessen med mange tilsette i nye rollar skapte behov for mykje opplæring og kunnskapsdeling. Tilsette i Seksjon stab har delegert instruksjonsmynde frå rådmann (kommunedirektør frå 2019), og har ansvar for å gjennomføra opplæring i sentrale fagsystem til tilsette. Den digitale utviklinga krev også at me gjev brukarane våre rettleiing, både fagleg og bruksretta.

Som offentleg tilsette har me alle eit stort ansvar for å sikra at kommunen klarar å tilby effektive, brukarorienterte og samordna løysingar og tenester. Oppgåva vår er å skapa ein enklare kvardag for innbyggjarane og for næringslivet.

KS sin visjon og digitaliseringsstrategi for kommunesektoren ligg til grunn for arbeidet vårt: «Gode og tilgjengelege digitale tenester styrker dialogen med innbyggjarar og næringsliv og gjev gode lokalsamfunn.»

Økonomi:

Avdeling økonomi er rekneskap og skatteoppkrevjarkontor.

Skatteoppkrevjarkontoret har ansvar for innkrevjing av skatt og kommunale krav, samt fakturering og utsending av faktura. Kontoret har ansvar for skatterekneskap, avrekning og utbetaling av skatteoppgjer, og for arbeidsgjevarkontroll i kommunen. Pr. i dag er det 1,7 stillingar som jobbar med kommunale krav og 2,8 stillingar som jobbar med skatt og arbeidsgjevarkontroll.

Skatteoppkrevjaren er fagleg styrt av skatteetaten når det gjeld oppgåvene knytt til skatt og arbeidsgjevarkontroll, og blir målt på resultat av dei. I 2018 oppnådde kontoret alle målkrava. Når det gjeld innkrevjing av kommunale krav har kommunen eige innkrevjingssystem til dette. Systemet er effektivt og gjer det lett å følgja opp krava. Blir ikkje krava betalt innan fristen for ei purring kjem neste purring automatisk opp. Tyngre sakshandsaming tek tid og må gjerast manuelt. I 2018 kom det krav for nesten 19 millionar over i innkrevjingssystemet. Av desse er ca. 15,8 millionar betalt, inkludert restansar frå året før. Beløp til innkrevjing pr. års slutt er ca. 5 millionar. Av desse er 1,9 millionar uteståande på ein skuldnar.

Det vert sendt ut ei stor mengde purringar, spesielt i månadane med forfall av kommunale avgifter. I 2018 starta kommunen med elektroniske utsending av purringar via SvarUt. Innkrevjingsresultata for kommunale krav er gode, og mengda eldre restansar blir stadig mindre.

Det er investert i nye modular i rekneskapsystemet, med Web-innsyn for brukarane. Dette

vil gje innbyggjarane tilgang til å ordna og sjå fakturaane sine på nett. Etter gitte kriterie kan innbyggjarane om kort tid søkja om betalingsutsetjing via web. Distribusjon av faktura skjer etter kvart elektronisk. Dette er i ei overgangsfase ei meirbelastning då det genererer mykje spørsmål frå fakturamottakarar.

Anna investering er nye modular i Inkassosystemet som skal effektivisera jobben med å få inn kommunale krav. Modulane blei kjøpt på slutten av 2018, og me reknar med gevinstrealisering i løpet av 2019.

Trykket på rutinar og struktur når det gjeld e-handel og innkjøp fortset. Det tek tid å snu gamle handlemåtar, men opplæring gjev no gode resultat. Innan e - handel hadde kommunen samla ei auka omsetnad på kr. 2,5 mill. frå 2017 til 2018.


I 2018 stig talet på faktura som blir sendt på EHF ytterlegare, og det er få papirfaktura. Nedanfor er statistikk som syner faktura som kjem elektronisk, og kor mange av dei som har korrekt merking(profil). Den syner at det står att ein del arbeid før alt er elektronisk:

Faktura som kjem inn som EHF(elektronisk), samanlikning % år 2017 og 2018:

2017, 86 % EHF faktura av desse hadde 23 % profil (korrekt merka - direkte inn i fagsystemet)

2018, 90% EHF faktura av desse hadde 32 % profil

Faktura inn til Kvinnherad kommune 2017 og 2018:



Informasjon:

Avdeling informasjon er merkantile ressursar i sektor oppvekst, omsorg, helse og sosial, post, arkiv, sentralbord, resepsjon og informasjon.

Post- arkiv hadde dette året ei auke på 31% i journalførte saksdokument..

Kommunen har ei auke i innsynssaker frå 63 i 2017 til 103 i 2018. Det er mykje arbeid med kvar innsynssak, med svarfrist på maks 5 dagar.

Elevarkivet er rydda og ajourført.

Kvinnherad har inngått samarbeid med Bømlo kommune om drift av saksgangsystemet ePhorte (frå Evry), som frå 2019 går over til siste versjon Elements. Samarbeidet omfattar også kommunane Stord og Fitjar. I 2018 vart avtalar underskrivne og det vart førebudd arbeid med flytting av databaser. Opplæringsplan i den nye modulen er klar, og vil bli gjennomført i 2019.

Heimesida til kommunen er oppdatert, og er no ei oversiktleg og moderne heimeside. I dette arbeidet har det også vore ein gjennomgang og revisjon av alle søknadsskjema som ligg på

sida. Målet er at alle skjema skal verta elektroniske.

Kvinnherad har også fått vedteke eiga grafisk handbok. Dette er eit flott arbeid som grunnlag for god marknadsføring og all presentasjon av Kvinnherad kommune.

Innføring av nye og betre felles rutinar, har gjeve kommunen god uttelling på mange område. Pressa sitt offentlegutval (POU) har i 2018 kåra Kvinnherad til nr. 2 av 33 kommunar i Hordaland. Undersøkinga er utført av POU, og hadde fokus på kor opne kommunane er. Kommunen med Informasjonsavdelinga og arkivleiar i spissen, har jobba mykje med å handtera arkiv og innsyn på ein trygg og god måte. Det er gjennomført brei opplæring til tilsette i kommunen, for å sikra at retningslinjer for behandling av informasjon og dokumentasjon i kommunen vert følgd. Denne gode plasseringa syner at eit av måla med å yta gode tenester til innbyggjarane er nådd, me ser at det nyttar!

Ny forskrift om offentlege arkiv trådde i kraft den 01.01.2018: Her kom krav om nye retningslinjer og rutinar for bevaring av dokumentasjon, dette gjeld alle sak- og fagsystem i kommunen. Krava gjeld sikring av papir- og elektronisk arkiv, og arkivlokale. Overføring av arkiv til interkommunalt arkiv i Bergen er ikkje gjennomført i år, heller ikkje er starta arbeidet med digitalisering av eigedomsarkiv. Kostnadane er estimert til mellom 5 og 10 millionar, dette er ikkje råd innafor ramma me er tildelt.

Ny personvernordning etter EU direktiv kom i juli 2018. Kommunen har inngått avtale med andre kommunar om felles personvernombud. Det vert stilt krav om kartlegging og systematisering av alle fagsystema i kommunen, der Datatilsynet sine rammer ligg til grunn. Eventuelle avvik har store økonomiske konsekvensar (min. 2% av årleg omsetnad), og det vert jobba med å få dette på plass.

IKT:

Avdelinga IKT vart frå 01.04 redusert med 1 heil stilling innan nettverk/kommunikasjon, denne stillinga vil verta vurdert på ny i løpet av 2019.

Hausten 2018 fekk avdelinga tildelt 1 lærling – IKT Driftsfag

Safe Q er innført, det skjer gradvis, og er planlagt på alle lokasjonar (einingar og avdelingar) i heile kommunen. Det betyr at saksbehandlar kan skriva ut dokument frå skrivarar kvar som helst i organisasjonen ved å nytta identifikasjonskort. Dette kortet vert også nytta som adgangskort, i dag på Rosendalstunet og lokasjon på Husnes, frå 2019 også rådhus og andre bygg. SafeQ er eit av tiltaka som me gjer i høve å fylla krava til GDPR - personvern.

Infrastruktur:

I 2018 har avdelinga brukt mykje tid på generelt vedlikehald av eksisterande utstyr. Dette gjeld både server/nettverks-infrastruktur. Det vart i tillegg starta innkjøp/utskifting av ein del foreldra sendarar for trådløst nett. Dette arbeidet vil forsetja ut mot sommaren 2019. Det vil framleis vera ca. 50 stk sendarar i tillegg som må skiftast ut 2019/2020.

Nokre ute-lokasjonar har fått oppgraderte brannmurar med høgare hastigheit på nett. På skulane vil dette arbeidet vara ut første halvdel av 2019.

System/Program/ Digitalisering:

Kvinnherad har fylgt sentrale/regionale anbefalingar for innføring av nye digitale tenestar. For å kunna nytta desse nasjonale komponentane er det krav om deltaking på digiFIN: digiFIN er eit nasjonalt «spleiselag» mellom kommune/stat for utvikling og innføring av digitale tenester. Finansieringa er ein eingongskostnad for kommunen, med kr 20,- pr. innbyggjar. Ved å delta i denne ordninga, sikrar me at kommunen vert inkludert i prosjekt og

digital utvikling som kommunen elles ikkje hadde hatt muligheit til.

I første omgang er Kvinnherad kommune med på desse fellesløysningane:

digiSOS - Digital søknad om økonomisk sosialhjelp via NAV sine heimesider, med digital forsending direkte til fagsystem. Kommunen var teknisk klar med løysinga i november 2018, og var ein av dei 12 første kommunane som er med på ordninga. Frå heimesidene til NAV har det vore mulig å søkja digitalt frå 25. februar 2019.

digiHELSE – Digital innbyggjardialog mot HelseNorge.no. Tilbyr digitale tenester for dialog mellom brukarar/pårørande og tilsette i heimetenesta/institusjon, visning av heimebesøk/avtalar med muligheit for avlysing, samt varsling av gjennomførte besøk. Prosjektet starta i november 2018, planlagt start for tenesta er april 2019.

eSignering – avtalar er oppretta med DIFI/Posten i 2018.

Innføring av løysinga mot Ephorte/Elements og Visma Flyt PPT i 2019.

SvarUT innført for desse fagsystema:

Visma Flyt Barnehage, Visma Omsorg Profil, Procasso innkrevjing.

Kommunen har i dag totalt 9 fagsystem som nyttar SvarUT.

Totalt 25358 brev vart sendt gjennom KS FIKS plattform i 2018. Av desse vart 11673 vidaresendt til ekstern printleverandør.

Avtalar:

Samarbeid drift av sak/arkiv – Bømlo/Stord/Fitjar, der Bømlo er vertskommune.

2.1.2 Personal

Stab er i 2018 totalt 44 tilsette, og med ansvar for intern og ekstern kundebehandling via munnleg og skriftleg kommunikasjon, resepsjon, sentralbord, IKT med døgnsupport, økonomiarbeid med rekneskap og skatteinnkrevjing, dokumenthandtering, sak/arkiv, informasjon intranett og heimeside, grafisk design, politisk og administrativt sekretariat, merkantile tenester i oppvekst og omsorg, helse og sosial.

I 2018 vart alle merkantile ressursar i organisasjonen flytta over til Seksjon stab. 17 tilsette som til dagleg har oppmøte på skular, sjukeheimar og kontor barnevern/PPT, er knytt til seksjonen. Me ser at det er ein vinst for organisasjonen med gode kontaktledd ute i einingane. Dette året har me hatt fokus på å bli betre kjent, å dela kunnskap og å jobba tettare.

Sjukefråveret var 3,6% i 2018, ein reduksjon i frå tidlegare år. Alt fråvere er kartlagt og avklara, og oppfølging av tilsette er utført i tråd med det regelverket og dei rutinane som me har for dette i organisasjonen.

Det har vore jobba med å følgja opp resultat av vernerunde på rådhuset. Enklare vedlikehald vert følgt opp av driftsoperatørar, medan større oppgåver er lagt til prosjektgruppa i kommunen. Det ligg føre endringar i resepsjonsområde og kantine for oppstart og gjennomføring i 2019.

Leiar og avdelingsleiarar har faste samarbeidsmøte kvar månad, og Seksjon Stab har også møteplan for kvar enkelt avdeling, der avdelingsleiar har ansvar for møte der fokus er ansvars- og oppgåvefordeling, kunnskapsdeling, fagleg oppdatering, effektivisering, løysa utfordringar og byggja gode lag. Merkantil ressurs har to samarbeidsmøte pr. halvår der gruppa møter aktuelle fagpersonar og held seg oppdaterte på endringar i system og regleverk. Her vert også planlagt felles arbeidsoppgåver som går på tvers av organisasjonen.

Seksjon stab hadde fordelt på 2 dagar i januar personalsamling med ekstern forelesar for alle tilsette. Fokus var arbeidsmiljø og korleis me kan bli ennå betre på å sjå kvarandre og yta god service. Me hadde også eit stort felles personalmøte med sosial samling i etterkant før sommaren, og felles julefrukost. Det vart gjennomført 10 faktor medarbeidarundersøking, her var også fellesmøte for alle tilsette før undersøkinga starta, og det er laga plan for oppfølging vidare i 2019.

Antall tilsett	Årsverk	Sjukefråvær i %
49	45	3,6

2.1.3 Økonomi

Rekneskap 2018 A

Beskrivelse	Regnskap 2018	Reg budsjett 2018	Avvik 2018
Stab felles			
Lønn og sosiale utg	25 808 743	26 227 138	-418 395
Kjøp inngår i tj prod	7 005 729	7 847 147	-841 418
Kjøp erstatter tj prod	1 048 679	1 000 237	48 442
Overføringer fra komm	2 932 821	4 110 378	-1 177 557
Finansutgifter	4 480	1 000	3 480
Salgsinntekter	-3 729 011	-4 324 833	595 822
Refusjoner	-1 337 058	-395 868	-941 190
Overføringer til komm	0	-2 200 000	2 200 000
Finansinntekter	-1 641 970	-180 000	-1 461 970
Sum	30 092 413	32 085 199	-1 992 786

Analyse

Resultatet for 2018 syner eit overskot. Deler av overskotet skulle vore ført i fond fordi det er eksterne midlar som skal vidareførast.

Seksjon Stab har vore svært nøye med å halda vedteke budsjett mellom anna gjennom fokus på god prosjektstyring med tydelege krav og forventningar til våre leverandørar i høve kvalitet, omfang og kostnad.

Det er ikkje tilsett i stilling der vedkomande har gått av med pensjon, denne stillinga vil bli vurdert på ny i 2019.

Det er nytta lite vikarar ved fråvere. Me nyttar først og fremst eigne ressursar, og ser avdelingar samla når det gjeld bruk og overføring av personalressursar. Me har nokre spesialområde der våre tilsette ikkje kan ha uttømmande kunnskap, dette gjeld IKT avdelinga som har det overordna ansvaret for nettverk og teknologi innan omsorg og helse, oppvekst, økonomi og andre administrative system. Dette vil nødvendigvis medføra ein viss bruk av konsulentar utanfrå: Me jobbar no konkret med planar om å skaffa meir naudsynt kompetanse innan nettverk, og håpar såleis å kutta konsulentkostnader noko.

2.1.4 Utfordringar

Me lever i ei tid med store og raske endringar i samfunnet, arbeidslivet og næringslivet. Offentleg sektor er prega av behov for digitalisering, omstilling og modernisering. Brukarorientering, kvalitet i tenesteproduksjon og auka produktivitet er tiltaksområde som medfører auka behov for forbetring av styringssystem og investeringar innan IKT.

Teknologiske framsteg, nye måtar å jobba på og endra preferansar tvingar fram omstilling og endring. Endring og omstilling kan for mange, både tilsette og brukarane våre vera utfordrande, og me har fokus på at forandring i dei fleste tilfelle gjev den enkelte tilsette muligheit til å utvikla seg og bli betre, og brukarane våre meir effektive og i nokre tilfelle døgnopne tenester.

Budsjettramma vår gjev ikkje kommunen nok handlingsrom for digital satsing eller oppfølging av nye krav og forskrifter. Dei siste åra med nedskjeringar i budsjett og dermed personal, har gjort at kommunen, med Seksjon stab som koordinerande og utførande ledd, har store utfordringar når det kjem til digitale satsingar som blir pålagt oss av eksterne partar. Arbeidsdagane for våre tilsette går med til dagleg drift, og det vert for lite tid til utvikling.

Tilsette i Seksjon stab som har slutta dei siste åra har som hovudregel ikkje vorte erstatta. Oppgåver er effektivisert og også flytta over på andre tilsette. Fram til no har me klart å halda oppe eit jamt nivå på tenestene, men me ser at ytterlegare reduksjon i stab ikkje vil vera mogleg.

Oppsummert har satsingsområda våre i 2018 vore: Digitalisering - sikker handtering av papir og elektronisk arkiv, fokus på krav etter ny personvernordning. Områda er høgst aktuelle og vil ha fokus også vidare framover. Til dette vil det vera trong for øyremerka ekstra midlar.

3 Seksjon for Løn og Personal

3.1 Seksjonen sine kommentarer

3.1.1 Om seksjonen og tenesteområda

Seksjon løn og personal har ansvar for alle lønsutbetalingar i heile organisasjonen. Leiar er ein del av rådmannen si leiargruppe. I tillegg til arbeid med løn og rekruttering er avdelinga og rådgjevar innan aktuelt lovverk, bidragsytar i organisasjonsutvikling på ulike nivå, sentral i personalsaker, og kontaktpunkt mot NAV, og pensjonsleverandørar. Hovudtariffavtalen og Hovudavtalen gjev retningslinjer for lokal lønsdanning og for partsamansett arbeid. Saman med rådmannen er det denne avdelinga som står for dette på rådmannsnivå på arbeidsgjevarsida.

Seksjonen har og ansvar for lønsarbeid for Kvinnherad kyrkjeleg fellestråd og Stiftinga Folgefonnsenteret.

Seksjonen har og i 2018 delteke på fleire arrangement for rekruttering av arbeidskraft. Dette har vore lokale og regionale arrangement.

3.1.2 Personal

Det har i 2018 vore 6 tilsette og 5,6 årsverk på denne seksjonen.

Lærlingane kommunen har ansvar for er organisatorisk knytt til denne seksjonen men får si faglege oppfølging ute i den eininga der dei har praksisen sin. Viser her til punktet om lærlingar i årsmeldinga.

Dei tilsette som etter Hovudavtalen er frikjøpte til tillitsvaldarbeid er og knytt til denne seksjonen. I 2018 var det 6 tilsette som var knytt til frikjøpt tillitsvaldarbeid. Dette utgjorde 3,94 årsverk.

Sjukefråværet for seksjonen var på 1,6 % i 2018. Dette er det totale fråværet for sektoren sin administrasjon, lærlingar og frikjøpte tillitsvalde.

Antall tilsett	Årsverk	Sjukefråvær i %
6	5,6	1,6

3.1.3 Økonomi

Rekneskap 2018 A

Beskrivelse	Regnskap 2018	Reg budsjett 2018	Avvik 2018
Seksjon for Løn og Personal			
Lønn og sosiale utg	9 950 980	9 122 305	828 675
Kjøp inngår i tj prod	3 269 000	2 812 639	456 361
Kjøp erstatter tj prod	143 175	290 000	-146 825
Overføringer fra komm	171 092	57 671	113 421
Finansutgifter	1 181 830	0	1 181 830
Salgsinntekter	-473 923	-70 735	-403 188
Refusjoner	-3 086 521	-1 834 308	-1 252 213

Beskrivelse	Regnskap 2018	Reg budsjett 2018	Avvik 2018
Overføringer til komm	0	0	0
Finansinntekter	-823 423	0	-823 423
Sum	10 332 210	10 377 572	-45 362

Analyse

Avvik på løn og sosiale utgifter skyldast primært høgare utbetaling til lærlingar. Her har vi hatt fleire lærlingar som er i slutfasen på læretida, og har då ei høgare utbetaling (80 % av fagarbeidarløn).

I 2018 fekk kommunen overført stønad til vidareutdanning frå staten. Her har ikkje alle midlane blitt nytta, og dermed har ein fått eit rekneskap som er innan forbudsjettet. Dersom ein hadde nytta alle midlane til vidareutdanning ville seksjonen fått eit negativt resultat.

Midlane knytt til utdanning er overført til 2019.

3.1.4 *Utfordringar*

Sidan sommaren 2018 har leiar for løn og personal vert konstituert rådmann for kommunen. Dette har medført at løn og personal vart "omorganisert" internt. Det har vert tilpassningar og justeringar i den daglege drifta noko som har medført andre arbeidsoppgåver på dei tilsette. 2018 har difor vore eit spennande, kjekt, krevjande og utfordrande år.

Utviklingsarbeid skal vera eit naturleg og prioritert område for seksjonen. Vi har ein stor organisasjon og dei tilsette i seksjonen vert i for stor grad "slukt av dagleg drift". Dette går i for stor grad på bekostning av utviklingsarbeid innan fagområdet.

4 Seksjon kultur, næring og utvikling

4.1 Seksjonen sine kommentarer

4.1.1 Om seksjonen og tenesteområda

Seksjonen skal arbeide for å utvikle kommunen som stad å bu og besøke og legge til rette for arbeidsliv og fritid. Den skal ta ansvar for heilskap i prosessane, og sørge for at ulike grupper blir høyrde og representerte. Seksjonen skal ta initiativ til og definere aktivitetar, følgje opp førespurnader og være ein pådrivar for å skape utvikling innan sine arbeidsfelt.

Folkehelse

Folkehelseloven gjer kommunen ansvar for å fremme folkehelsa. Arbeid med folkehelse bør skje tverrsektorielt og tverrfagleg. Folkehelsekoordinatorfunksjonen ligg hos seksjonen. Fram til ny folkehelsekoordinator blei tilsett 13. august, blei det viktigaste oppgåvene ivareteken av andre tilsette både i og utanfor seksjonen ved seksjonen.

Folkehelse har fått ein vesentleg plass i arbeidet med ny kommuneplan. Likeeins er folkehelse i stor grad ein vesentleg del av det pågåande planarbeidet.

Frå 2018 vil seksjonen trekke fram kommunens deltaking i det fylkeskommunale folkehelseprogrammet. Programmet har ei mål om å styrka kompetansen til kommunane om kva tiltak som gjer stor effekt på utjamning av sosiale helseforskjellar, spesielt retta mot psykisk helse og rusførebyggjing.

Kommunen fekk óg godkjenning som trafikksikker kommune. Godkjenninga er eit kvalitetsstempel for godt, målbevisst og samordna arbeid med trafikktryggleik.

Kulturadministrasjon

I samband med omorganiseringa blei kulturkontoret lagt til seksjonen. Frå 13. august blei ressursen styrka med tilsetting av idrettskonsulent i 60% stilling. Tidlegare kulturkonsulent slutta 20. september. Slik blei kulturkontoret sterkt underbemanna siste del av 2018. Det vil difor vere noko mindre detaljkunnskap i årsmeldinga frå kulturkontoret for 2018.

I 2018 blei tilskotsordningane evaluert og revidert. For nokre organisasjonar førte dette til at dei måtte søkje tilskot, og ikkje fekk eigen post i budsjettet. I revisjonen blei eit større etterslep av søknadar dekkja inn, slik at ein fekk starta på nytt med nye tilskotsordningar.

I 2018 blei det frå kommunen bevilga kr 4.153.000,- i tilskot til frivillige lag og organisasjonar gjennom dei 9 ulike tilskotsordningane som ligg ute. Baroniet Rosendal og Sunnhordland museum mottok i tillegg hhv. kr 600.000,- og 75.000,- i kommunal støtte. Det er varsla auke i dei sistnemde tilskota.

Kvinnherad kommune har ansvar for musea Bygdetunet Rød med bøkkerverkstad, Haugland skulemuseum og Skipsbyggjarmuseet Skaalurensamlinga. Bygdetunet Rød og Skulemuseet på Haugland var mogleg å besøkje etter avtale. Skipsbyggjarmuseet Skaalurensamlinga heldt ope i sommarsesongen. Det er løyvd kommunale midlar til revitalisering av Skaalurensamlinga, men ein er ikkje komen i mål med den eksterne delen av finansiering for å realisera prosjektet.

Arbeid med å digitalisera Kvinnherad kommune si biletsamling og gjera denne tilgjengeleg på Bibliofil held fram, og mykje arbeid står att.

Kvinnherad kulturstipend vart tildelt Torstein Lund Eik i samarbeid med lokalt næringsliv og Kvinnherad kulturpris vart tildelt Eli Haugan.

Det vart gjennomført 34 hendingar i kommunal regi i den kulturelle skulesekken med 926 deltakande elevar. I tillegg kjem tilbod som kommunen abonnerer på via Hordland fylkeskommune. Det vart gjennomført 13 hendingar i kommunal regi i den kulturelle spaserstokken fordelt på arrangement på institusjonar og møtestader for eldre

Til saman 17 søknader om spelemidlar vart sendt inn til Hordaland fylkeskommune med ein samla søkjarsum på kr 15.347.000,-. Kvinnherad fekk ei samla tildeling på kr 6.490.000,- fordelt på seks anlegg.

Kvinnherad kultursenter

Kultursenteret står for drift og arrangement i Kulturhuset Husnes og Husnes kino og koordinerer også nokre arrangement i bygningane som høyrer til biblioteket og kulturskulen. Drifta i Husnes idrettshall vart hausten 2018 overført frå kultursenteret til Sektor teknikk og miljø.

Til saman var det i kultursenteret vel 35.000 frammøtte på 634 arrangement. Kinoen hadde auke i besøket på 16,8 %, hovudgrunnen er filmar som Mamma Mia og Skjelvet, i tillegg til at det var 50 fleire kinoframsyingar enn året før. Det har òg vore fokusert på marknadsføring for å få fleire til å kjøpe billetter. Kultursenteret har hatt fleire produksjonar både i eigen regi og i samarbeid med andre.

Ein har ved hjelp av tilskot frå Sparebank 1-stiftinga Kvinnherad investert i nytt lydanlegg til konsertar/teater i kinosalen. Det vert arbeida med å få open møteplass mellom biblioteket og kulturskulen som ledd i utviklinga av Husnes som regionsenter.

Dei største utfordringane for Kvinnerad kultursenter er å få til betre samhandling mellom dei forskjellige einingane i senteret, og at aktivitetsauken gjer at ein treng fleire medarbeidarar, noko som er krevjande å finansiere. Både kulturhusdelen og kinodelen gjekk i 2018 med underskot i høve til budsjettet.

Type arrangement	Tal selde billetter		Tal frammøtte		Tal arrangement	
	2018	2017	2018	2017	2018	2017
Kino	14385	12558	15988	13683	282	235
Musikk	1549	1448	2224	2224	12	12
Scenekunst	1196	2273	3568	2445	18	10
Litteratur/foredrag	0	225	410	1081	5	9
Kurs/konferansar	-	-	1951	1375	53	29
Prøver/øvingar	-	-	5562	6650	159	145
Anna	-	-	5643	9125	105	149
Totalt	17130	16504	35346	36583	634	589

Næringsutvikling

Frå næringsfondet har det vore 13 tildelingar på til saman kr. 250.000,-. Tilflyttarsamling i kommunen vart arrangert i lag med Kvinnherad Næringssservice. I samband med dette har det også vore laga velkomstpakkar til tilflyttarar. Det var støtta opp om distriktsbutikkar via Merkurprogrammet. Medlemskapen i Kvinnherad Næringssservice vart oppretthalden og det vart betalt tilskot til drift av Kvinnherad Studiesenter. Arbeid med strategisk næringsplan for Kvinnherad vart starta opp.

Landbruk og utmark

Kommunen opplever for tida stor pågang frå unge som vil overta gard. Entusiasme og satsing pregar landbruket i kommunen. Tek ein utgangspunkt i byggjeprojekt som er starta opp kan ein for 2018 rekne 12 driftsbygningar og 2 fruktetableringar. Det er løyvd kr. 8,7 mill. frå Innovasjon Norge til dette.

Det er stor interesse for dyrking i Kvinnherad. Det vart godkjent 140 dekar nytt land i 2018. Store utbyggingsprosjekt i kommunen gjer og at det finst mykje overskotsmassar som kan brukast til å byggja ut nytt jordbruksland. Det vert arbeidd mykje med drenering og kommunen har også fått kr 545.000 i SMIL-midlar (særskilte miljømidlar i landbruket) til store og gode prosjekt. I tillegg har kommunen fått 60.000 i NMSK -tilskot (nærings- og miljøtiltak i skogbruket).

Saman med Norsk Landbruksrådgiving – Vest og med støtte frå Fylkesmannen i Hordaland har Kvinnherad kommune jobba vidare med prosjekt innan klimasmart landbruk. Det er også vidareført eit stort utviklingsprosjekt der ein saman med Fatland slakterier, NMBU, Baroniet Rosendal og fleire andre verksemder skal vurdere nye driftsformer innan sauehaldet. Regionalt forskningsråd Vestlandet støttar prosjektet.

Kvinnherad kommune har ei eiga Facebookside for landbruk. Denne brukar kommunen aktivt til informasjons- og motivasjonsarbeid.

Det er behandla 234 søknader om produksjonstillegg. Saman med tilskot frå Innovasjon Norge til bruksutbygging og tilleggsnæringar har brukarar i Kvinnherad motteke meir enn 60 millionar kr. Kommunen har arrangert fleire landbruksfagmøter i lag med Landbruksrådgivinga .

Det vert sett fokus på vern av dyrka jord via handsaming av omdisponering og delingssaker, og kommuneplanar. Seksjonen har vore aktiv i prosjekt Landskap i drift og i Liv-og-lystprosjekt Sunde som kyst- og litteratursenter og forskingsprosjekt. Inn på tunet-satsinga har halde fram.

I 2018 blei det hogd ca 22.000 m³ tømmer og planta 162 daa. med 41.000 nye planter. Det var behandla 4 søknader om bygging av landbruksveg, og fordelt kr 275.000 av kommunalt tilskot til skogsvegar.

Det vart i 2018 gitt 1455 fellingsløyver for hjort og felt 1197 dyr, noko som gir ein fellingsprosent på 82,3. Fordeling av felte dyr var 193 bukkekalvar, 216 åringsbukkar og 213 eldre bukkar, 164 kollekalvar, 172 åringskoller og 239 eldre koller. Det vart gitt 130 fellingsløyve til rådyr og det vart felt 33 dyr fordelt på 18 bukkar, 9 geiter og 6 kje. Kommunen betalte i 2018 skotpremie for 67 rev, 29 mink, 7 mår og 162 kråker. For 2018 var det registrert 62 påkøyrslar av hjortevelt, og dette førte til 23 avliva hjortar og 8 rådyr.

	2018	2017	2016	2015	2014
Saker etter lov om motorferdsle utmark	21	14	10	22	14
Saker etter jordlova	15	22	17	11	12
Saker etter konsesjonslova	25	11	15	12	14
Løyve til nydyrking (saker/dekar)	15/140	11/229	7/42	9/108	-

Turisme og vertskap

Kvinnherad turistinformasjon har i 2018 hatt ein heilårstilsett i 60% stilling og sesongtilsette turistvertar frå mai til september. Med kontor i Folgefonnsenteret har turistinformasjonen gode opningstider, og kontoret har hatt ope kvar dag frå 2. mai til 15. september og deretter

i vekedagane fram til 15. desember. Det var 34.800 besøkjande innom dørene i turistinformasjonen mot 28.000 i 2017.

Det er nært samarbeid mellom turistinformasjonen, skipsbyggjarmuseet og Stiftinga Folgefonnsenteret for å løyse drift og opningstider.

Aktivitetar i turistkontoret er å informere om tilbod til besøkjande i Kvinnherad, hjelpe bedriftene med informasjon og brosjyrar, ta imot presseturar, turoperatørbesøk og assistere ved cruiseanløp og yachtar som besøkjer Rosendal. Turistkontoret har også teke initiativ til arbeidskveld med sosiale media og vertskapskurs. Deltaking i ulike arrangement og prosjekt rundt skilting og turstiar også i 2018.

Turistkontoret deltek også på samlingar for turistkontora i Sunnhordland og Hardanger, og er kontaktpunkt for koordinering av diverse marknadsførings- og produktutviklingstiltak som vert gjennomførte av desse.

Kommuneplanlegging

Etter at ny arealdel til kommuneplanen vart vedteken i mars 2018 (første heilskaplege arealdel i Kvinnherad kommune nokon gong), har det vore jobba med planprogram til ny areal- og samfunnsdel til kommuneplanen. Planprogrammet vart lagt ut på høyring og offentleg ettersyn i desember. Det vert lagt stor vekt på å få på plass ein ny samfunnsdel til kommuneplanen. Planprogrammet føreslår at Kvinnherad skal bli ein attraktiv, frisk og grøn kommune.

I tillegg til den overordna kommuneplanen har det vorte jobba med KDP for regionsenteret Husnes, KDP ferjesambandet Kvinnherad-Stord og KDP omsorg, helse og sosial. Det vart også jobba med prosjektplan for KDP samferdsle.

Planleggjarane har òg delteke i ulike forskingsrelaterte prosjekt som skal styrke planlegginga i kommunane som td. «XKLIM» og «Acidcoast». Det har òg vorte jobba i ulike prosjekt som er knytt til planfaget innanfor tema som naturfare, geodata og landbruk mv.

Reguleringsplanlegging

Gjennom omorganiseringa har seksjonen fått hovudansvar for utarbeiding av reguleringsplanar der kommunen er sjølv er forslagstillar. I 2018 har det vore arbeid med desse planane:

- Reguleringsplan for gang og sykkelbru Hellandskryss
- Reguleringsplan for omlegging av Fv48 Løfallstrand (stopp pga kulturminnefunn)
- Reguleringsplan for Fjelbergsambandet
- Reguleringsplan for nytt Skarvatunkryss (stopp pga klagesak)
- Reguleringsplan for gang-/sykkelveg Herøysund
- Reguleringsplan for omlegging av Fv107 Austrepollen – Nordrepollen (deltaking i prosess)
- Reguleringsplan for FV48 Krokalandet (oppstart)

Naturvern og klima

Det er venta vesentleg auke i episodar med kraftig nedbør, både i intensitet og førekomst, som igjen vil føra til meir overvatn. Dette gir auka fare for jord-, flaum- og sørpeskred. Stormflonivåa er venta å auka som følgje av havnivåstiging og villare vêr. Gjennom 2018 har medarbeidarar i seksjonen følgt statlege og fylkeskommunale samlingar om temaet. På vegner av kommunen deltek seksjonen i eit nytt innovasjonsprosjekt, foreløpig kalla XKLIM, der det vert etablert eit klimanettverk i Hordaland. Målsettingane er å samhandla med fleire aktørar, forankre fylkesvise klimaprofilar lokalt og gje konkrete døme på bruk av ulike

verktøy i ulike delar av kommunal planlegging. Føremålet med kommunen si deltaking i slike program er å styrkje eigen kompetanse og førebu klima som tema ved framtidig rullering av kommuneplan og klima-/energiplan.

Kommunen merkar skjerpa krav frå overordna myndigheiter når det gjeld kartlegging og dokumentasjon av naturfare som ras og flaum. Som følgje av dette har mellom anna ny arealdel til kommuneplanen innført byggegrenser langs alle vassdrag av nokon storleik. Også i 2018 har kommunen vore deltakar i samarbeidet om kommunegeolog i regionen.

Også i 2018 har kommunen vore deltakar i samarbeidet om kommunegeolog i regionen.

Anna samfunnsutvikling

Kvinnherad si tilknytning til E39 er avgjerande viktig, og seksjonen har engasjert seg i arbeidet med «Sunnfast» (prosjektleiing). Dette inneber at det går mykje ressursar til møtewerksemd og koordinering mellom dei tre kommunane Kvinnherad, Stord og Tysnes. Seksjonen har også hatt ei større rolle i arbeidet med å sjå på potensiale for hydrogenproduksjon i Kvinnherad.

4.1.2 Personal

Per 31.12.2018 talte seksjonen 16 medarbeidarar, nokre av dei i deltidstillingar:

- Seksjonsleiar: 1 tilsett
- Samfunnsutvikling (avdeling): 4 tilsette (ein i delt stilling), éi stilling vakant
- Næringsutvikling (fagområde): 6 tilsette
- Kultur, idrett og friluftsliv (fagområde): 1 tilsett (delt stilling), éi stilling vakant
- Kvinnherad kultursenter (eining): 5 tilsette

I tillegg til desse har to veterinærar tilsetning i deltid som del av kommunen sitt arbeid for å sikre god dekking av dyrlege tenester i Kvinnherad. Ein person har vore innleigd delar av året for å utarbeide næringsplan for Kvinnherad.

Antall tilsett	Årsverk	Sjuefråvær i %
16	12,65	0,8

4.1.3 Økonomi

Rekneskap 2018 A

Beskrivelse	Regnskap 2018	Reg budsjett 2018	Avvik 2018
Seksjon kultur, næring og utvikling			
Lønn og sosiale utg	11 597 296	13 176 006	-1 578 710
Kjøp inngår i tj prod	6 759 493	4 681 276	2 078 217
Kjøp erstatter tj prod	3 374 709	3 875 269	-500 560
Overføringer fra komm	4 533 155	1 801 319	2 731 836
Finansutgifter	2 410 212	193 947	2 216 265
Salgsinntekter	-5 599 537	-2 649 561	-2 949 976
Refusjoner	-4 130 868	-1 352 474	-2 778 394
Overføringer til komm	-2 808 860	-1 000 000	-1 808 860
Finansinntekter	-16 493	-873 975	857 482

Beskrivelse	Regnskap 2018	Reg budsjett 2018	Avvik 2018
Sum	16 119 107	17 851 807	-1 732 700

Analyse

Sjølv om seksjonen sin rekneskap er godt i pluss har det vore utfordringar med presis økonomistyring. Dette skuldast etterdønningar av omorganiseringa der særleg fagområdet kultur har gått gjennom ein stor transformasjon. I tillegg har interne budsjettekniske tilhøve mellom denne seksjonen og Seksjon forvaltning verka inn; dette er retta for komande år. 2018 var også prega av to vakansar som har gitt lågare lønsutgifter enn budsjettet.

Seksjonen forvalter tilskotsmidlar til kultur og idrett der det ikkje alltid er samanfall mellom budsjettpost og faktisk rekneskapsføring. Dette er eit nullsumspel som isolert sett ikkje har verknad på kommuneøkonomien. I rekneskapen artar dette seg som for store/for små føringar innan tenestekjøp, overføringer, finansutgifter og refusjonar. Det vert arbeidd med å harmonisere dette på ein betre måte.

4.1.4 Utfordringar

Det er svært viktig for Kvinnherad å ha gode og oppdaterte kommuneplanar. For å lukkast med dette, er det avgjerande å få til god politisk forankring i kommuneplanarbeidet. Dette krev at kommunen har tilstrekkeleg med eigne ressursar til å produsere overordna kommuneplanar. Det er ikkje føremålstenleg å bruke konsulenttenester på det som er kjernen i kommuneplanlegginga, då desse planarbeida er avhengig av lokalkunnskap, og gjer at kommunen byggjer eigen kompetanse vidare. Erfaring frå 2018 viser at aukande aktivitet og høge politiske forventningar innan ulike samfunnsutviklingsprosjekt set kommuneplanressursane under press. Det er såleis ei stor utfordring å gripe tak i gode prosjekt utan at det går ut over planlagte oppgåver.

Innan kulturfeltet har det vore store endringar dei seinare åra. Kommunen har samla sett høg aktivitet og brukar store ressursar på kulturformidling. Kvinnherad kultursenter har eit veksande tilbod både kvalitativt og kvantitativt, men det er ei stor utfordring å få denne positive utviklinga til å gå i budsjettmessig balanse.

Ressursane til ordinær kulturadministrasjon er bygd noko ned. Det er store og vedvarande ønskje frå privatpersonar og lagslivet om kommunal bistand i ulike prosjekt og støtte til tiltak, og det er utfordrande å møte alle desse behova på ein god måte.

Kommunen sitt strategiske næringsarbeid treng å styrkjast, og det bør gåast opp tydelegare grenseliner mellom privat sektor og kommunen om kven som gjer kva i næringsarbeidet.

5 Seksjon Forvaltning

5.1 Seksjonen sine kommentarer

5.1.1 Om seksjonen og tenesteområda

Forvaltning

Vi går inn i andre året etter oppretting av Seksjon forvaltning – ein seksjon som skulle innehalde oppgåver knytt til handsaming av reguleringsplanar, miljøretta helsevern, eigedomsskatt, byggesak og tilsyn, kart og oppmåling, med meir. Seksjonen er godt i gang med å setje seg som seksjon med dei oppgåvene som skal høyre til.

I 2018 fekk seksjon forvaltning på våren ny medarbeidar på byggesak for å erstatta tidlegare medarbeidar som var gått over som seksjonsleiar. Dette var ein jurist som i stor grad skulle arbeide med dispensasjonssaker. Til sommaren vart byggesak auka med ein 40 % stilling for å avhjelpe på byggesaker. På slutten av året vart ein ny jurist tilsett for å dekke ei stilling som seksjonen skal ha om rådgivingsrett og -plikt ut i organisasjonen. Denne juristen fekk som første oppgåve å sjå på saksmalar ein nyttar, og å sikre at dei er i samsvar med lov, reglar og forskrifter.

På byggesak opplevde ein som tidlegare stor saksmengde av byggesaker, særleg knytt til dispensasjonssaker. Ein opplevde og auka fokus på juridiske avklaringar i byggesaker, både i møte med publikum og i dialog med fylkesmannen. Juridisk kompetanse i seksjonen er til god hjelp til avklaringar og prinsipielle saker.

Med stort arbeidspress på byggesak både med byggesaker og med dispensasjonar, ser ein at det er ytterlegare behov for ein ressurs for å kunne gi dei tenestene ein skal med å behandle søknader innan tida, i tillegg til å rettleie publikum og firma. I 2018 hadde ein oppe ei politisk sak der ein ville ha inn ein ressurs på byggesak som kan vere meir aktiv i tilsynsarbeidet. Denne personen kunne føre tilsyn med nye byggeprosjekt og eksisterande byggeprosjekt og planar, i tillegg til å rettleie og saksbehandle. Det er eit stort behov ikkje berre for seksjonen å auke med ein ressurs her, men og for publikum og firma er det komen ynskje om at kommunen kan vere meir aktive med tilsyn og oppfølging av påståtte ulovlege tiltak. Saka vart utsett i 2018 med krav om meir utgreiing, dette skal vi jobbe vidare med i 2019.

Per 31.12.2018 talte seksjonen 13 medarbeidarar (årsverk i parantes):

Seksjonsleiar: 1 tilsett (100 %)

Juridisk rådgjeving: 1 tilsett (100 %)

Byggesak (fagområde): 4 tilsette (340 %)

Kartforvaltning og Oppmåling (fagområde): 4 tilsette (370 %)

Reguleringsplanar (fagområde): 1 tilsett (100 %)

Miljøretta helsevern (fagområde): 1 tilsett (100 %)

Eigedomsskatt (fagområde): 1 tilsett (100 %)

Byggesak

Største arbeidsoppgåver for byggesak er å handsama delingsøknader, dispensasjonssaker og søknader om tiltak. Det er motteke 295 søknader om byggeløyve; 204 ettrinns-søknader,

73 søknader utan ansvarsrett, 59 dispensasjonssøknader og 18 rammesøknader. Det er behandla 204 søknader; 146 ettrinns-søknader, 50 søknader utan ansvarsrett, 32 dispensasjonssøknader og 8 rammesøknader.

Det er også motteke 155 delingssøknader og behandla 150 delingssaker med ei gjennomsnittleg behandlingstid på 37 dagar.

Det er gitt ferdigattest i 94 saker og mellombels bruksløyve i 16 saker.

Det vert elles gitt god rettleiing til søkjarar i telefon, i møter, forhandskonferansar og pr. post/e-post.

Byggjeaktiviteten i Kvinnherad har vore på det gjevne.

I gjennomsnitt er sakshandsamingstida om lag 32 dagar for dei forskjellige sakane, 67 dagar der ein handsamar dispensasjon som del av søknaden. Om lag 20 % av sakene ein får inn har og dispensasjonssøknad, anten frå plan eller frå pbl. § 1-8 og strandsonevernet. Totalt sett er om lag 39 % av sakene handsama ut over lovpålagt handsamingstid. Dette gir eit bilete av at ressursane er pressa på kapasitet.

Ein har ikkje hatt kapasitet til å føre tilsyn med nye tiltak eller eventuelle ulovlege tiltak ut over saker der det er mogleg fare for liv og helse. Dette er noko ein ynskjer å endre på framover.

Oppmåling

Gjennomførte arbeidsoppgåver:

- Arealoverføring: 56 saker
- Deling av grunneigedom: 84 saker
- Grensejustering: 10 saker
- Grensepåvising/grensegang: 23 saker
- Retting av matrikkelkart: 6 saker
- Seksjonering/reseksjonering: 12 saker
- Utstikking (konsulentoppdrag): 35 saker
- Saker for jordskifteretten: 3 saker
- Eigenfråsegn om konsesjonsfridom: 238 saker , av desse er 38 handsama av landbruk
- Samanslåing av eigedommar: 12 saker

Alle saker er handsama innanfor frist.

Det har gått med ei god del tid til rådgjeving for private og bedrifter, utan at det vert ført statistikk for det. Lik eins brukar andre kontor i kommunen oss som rådgjevarar i eigedomsfaglege spørsmål. Dette er saker som ikkje vert kravd gebyr for.

Det har og vore brukt personell frå oppmålingskontoret til opplæring av andre kommunalt tilsette i bruk av kartprogram og liknande oppgåver. Lik eins er det brukt ein del tid til ajourføring av digitale kart og planlegging av nykartlegging m.m.

Nye adressenummer vert tildelt i samband med byggemelding. Det vart ikkje oppretta nye vegnamn i 2018.

Alt i alt har vi i 2018 hatt ein oppgang i arbeidsmengd i høve til 2017.

Reguleringsplanar (private)

Reguleringsplanar blir behandla som demokratiske prosesser, der både private partar som er naboar, grunneigar, interessegrupper, lokale bedrifter etc. og offentlege mynder,

nabokommunar, kommunen sine fagorgan m.m. har høve til å uttale seg og påverke planen.

- Oppstartsmøte (PBL §): det har vert 6 oppstartsmøter
- Politisk oppstart (PBL §12-8): Det vart handsama 3 planar politisk
- Utlekking (PBL §12-11): 12 planar vart politisk vedtatt om å leggjast ut til off. ettersyn
- Godkjenning (PBL §12-12): 7 planar vart politisk vedtatt.
- Reguleringsplanendringar (PBL §12-14); ofte som «mindre endring» (endring av planar med enklare prosesser): 18 planar (3 kommunale + 2 frå Statens vegvesen) vart behandlar etter § 12-14 (5 av disse vart ikkje godkjent, av dei var det 3 private).
- Påklaga plan (PBL §12-12): 3 planar vart påklaga
- Mekling (PBL §5-6): Det vart ikkje gjennomført mekling
- Planprogram (PBL §12-9): Ingen planprogram vart lagt ut til offentleg ettersyn / vart fastsatt i 2018.

Av dei 6 planar som vart godkjent er det:

- 4 planar som opnar for ny bustadbygging
 - Sæbø (delvis)
 - Uskedalen sentrum
 - Smiehaugen Husnes
 - Sandvollvegen
- 1 plan som beskriver/utvider/endrar infrastruktur
 - Skarvatunkryss
- 2 planar som opnar for ny fritidsbruk, til dømes hytte- og naustføremål
 - Mjelkevika
 - Sæbø

Merknader og motsegn

- Det har kommen ein del merknader frå fagmynde i utleggingsfasen. I dei fleste tilfelle har ein rask dialog med fagmynde med brev/telefon ført til eit tilfredstillande resultat.
- Ingen plan har vore til mekling hos fylkesmannen (departementet)
- Ingen planforslag har vore på dialogmøte hos fylkesmannen

Talet på reguleringsplaner har stagnert noko i 2018, men dette er noko som varierer frå år til år. Arbeidsmengde har auka kraftig, då det er fleire fagvurderingar som må gjerast og temakart som skal utarbeidast. Loven har blitt meir komplisert særleg med sikte på særlover og krav til planoppstartsmøte.

Talet på endring av reguleringsplan jf. PBL § 12-14 har auka kraftig. Denne type endring av plan er ein ryddig og kundevenleg sakshandsamings-måte som forlenger livstid av gjeldande reguleringsplanar på ein pårekeleg og realistisk måte.

Miljøretta helsevern

I 2018 utførte miljøretta helsevern to tilsyn i barnehagar og to i skular. Det vart haust 2018 sendt ut informasjon om tilsyn i sjukeheimar med tilsynsdato i februar 2019.

Miljøretta helsevern har revidert avfallsplan for småbåthamner i 2018 og sendt til Fylkesmannen.

Miljøretta helsevern byrja i august 2018 å utforma lokal forskrift om tiltak for å motverke fare for forureining for forureining frå nedgravne oljetankar.

Miljøretta helsevern skal medverka til at universell utforming og tilgjenge vert iverteke i

planarbeid og i byggesaker. Ein gir uttale til private byggeprosjekt, til dømes fleirleilegheitsbygg.

Miljøretta helsevern har fått godkjenning til å skriva ut hygienesertifikat på skip. Dette dreier seg om å utføre inspeksjon på skip som treng fornying av hygienesertifikat. Dette er eit internasjonalt folkehelsearbeid der smittevern har fokus.

Det vart gjeve 19 utsleppsløyver i 2018. Eitt av løyva har plikt til årleg rapportering til miljødirektoratet (storleik over 50 pe). Det er etablert ny rutine for kommunale utslepp der søknad om utslepp vert sendt inn på lik linje med andre søkjarar.

Det vart oppretta 10 skriftlege klagar om forureining. Fleire klager vert klaga over telefon eller e-post og vert ofte løyst over ein telefonsamtale etter råd om tiltak. Munnlege klager vert oppmoda til å senda skriftleg klage.

Synneve Skei er kontaktperson for vassområdet Sunnhordland med ansvar for å rapportere feil eller tilleggsopplysningar som har med vassforvaltninga i kommunen å gjera. Dette vert lagt inn i Miljødirektoratet sin database Vannmiljø. Ny regional vassforvaltningsplan med tiltaksprogram skal på høyring i 2019. Miljøretta helsevern var på møte i desember 2018 for å få innblikk i den nye planen. Det var høve til å koma med innspel til planen.

Miljøretta helsevern hadde vår 2018 ansvar for å organisere nasjonal strandryddeaksjon i kommunen.

Eigedomsskatt

Forvaltning har ansvaret for utskriving og sakshandsaming av eigedomsskatt i samsvar med vedtak i kommunestyret, og har i 2018 skrive ut eigedomsskatt for både næring og private eigedomar i kommunen. Ajourføring og taksering skjer dette året kontinuerleg i høve nybygg og endringar i bygningsmasse, slik er eigedomsskatteregisteret til ei kvar tid oppdatert. Det blei utskrive eigedomsskatt for 67,7 mill. i Kvinnherad kommune i 2018.

Melding om skatt og takst vart utsendt 27. februar. På same dato blei skattelistingene for offentleg ettersyn utlagd. Eigedomsskattekontoret mottok ca. 13 klager. Av desse blei 6 saker behandla av eigedomsskattekontoret som openbare feil. Sakkunnig nemnd ga delvis eller fullt medhald til klagar/ fritakssøknad i 3 saker. 1 klage vart over sendt til sakkunnig ankenemnd for endelig vedtak. Ankenemnda vedtok taksten frå sakkunnig nemnd i saka.

Samarbeidet mellom eigedomsskattekontoret og sakkunnig nemnd/sakkunnig ankenemnd har fungert på ein god og konstruktiv måte.

5.1.2 Personal

Antall tilsett	Årsverk	Sjukefråvær i %
13	12,1	6,6%

5.1.3 Økonomi

Rekneskap 2018 A

Beskrivelse	Regnskap 2018	Reg budsjett 2018	Avvik 2018
Seksjon Forvaltning			
Lønn og sosiale utg	8 204 514	8 189 695	14 819
Kjøp inngår i tj prod	919 465	748 992	170 473

Beskrivelse	Regnskap 2018	Reg budsjett 2018	Avvik 2018
Kjøp erstatter tj prod	404 787	205 068	199 719
Overføringer fra komm	189 649	217 771	-28 122
Finansutgifter	5 000	0	5 000
Salgsinntekter	-5 675 818	-6 963 102	1 287 284
Refusjoner	-360 332	-103 530	-256 802
Overføringer til komm	-235 765	-260 429	24 664
Finansinntekter	-341 292	0	-341 292
Sum	3 110 208	2 034 465	1 075 743

Analyse

Avvik på "kjøp inngår i tj prod" er i stor grad grunna underbudsjetterte utgifter til lisensar. Dette er lisensar til Norkart som vi betalar kvart år, men som varierar frå år til år. Ein stor utgift som ikkje er budsjettert er og juridisk bistad i samband med erstatningskrav mot kommunen og byggesak.

Avvik på "kjøp erstatter tj prod" er i stor grad indirekte kostnader som ikkje var budsjettert for 2018. I budsjett for 2019 har ein no retta det opp.

Salgsinntekter har eit stort underskot som er blitt varsla i 2018. På private reguleringsplanar er grunnen at det er budsjettert høgt med inntekter, men dette er noko som kan variere stort frå år til år. For 2018 var det lite arbeid med nye planar, men mykje arbeid med endring av planar, som ikkje gir store inntekter. I 2019 er det starta opp fleire nye planar som gir optimisme mtp. å nå budsjett for 2019, i tillegg til at ein har fått gebyr til endring av reguleringsplanar som vil spegle arbeidsmengde, for 2019.

På byggesak har ein ikkje fått effekt av auka ressursar på den måte ein trengte i 2018 for å behandle fleire saker på kortare tid. For dispensasjonar vil det seie at ein ikkje alltid behandlar ferdig saker innan fristen, og kan då ikkje fakturere arbeidet fullt ut, om i det heile. I tillegg har ein nok hatt mindre store byggesaker som genererer større gebyr. Likevel er det fleire mindre saker som er krevjande i forhold til ny kommuneplan. Det er stort behov for ein ressurs på byggesak som kan føre aktivt tilsyn med nye byggeprosjekt og svare på spørsmål om påståtte ulovlege tiltak. Det var ein politisk sak på dette i 2018, men saka vart utsett med spørsmål om meir utgreiing. Dette blir fulgt opp vidare i 2019.

5.1.4 Utfordringar

Når vi går inn i 2019 vil det vere 2 personar på kartforvaltning/oppmåling som går av med pesjon til sommaren. Vi vil erstatte desse med ein ressurs i 2019 og ein ressurs på nyåret i 2020. Likevel vil omsiftinga få konsekvensar for dei 2 som er igjen, med opplæring av ny ressurs og fordeling av oppgåver.

På private reguleringsplanar er det mange planar som er under oppstart for tida, noko som auker arbeidsmengden.

På byggesak har dei stor mengde saker som dei ikkje rekk over per no, i tillegg til eit stort behov for å føre tilsyn med byggeprosjekt. Vi må sjå på om det må ein ressurs til for å koma ajour med sakene for å gi eit godt tilbod.


Juristen på seksjonen skal ut i mammapermisjon til våren og blir borte til nyåret 2020. Ein vil freiste å få vikar til denne stillinga fram til då, for å gi eit godt tilbod også der.

6 Sektor for oppvekst

6.1 Sektoren sine kommentarer

6.1.1 Om sektoren og tenesteområda

Sektor for Oppvekst er sett saman av 23 einingar og eitt sektorkontor. Einingane yter tenester til barn, unge og familiare deira. Tenestene vert ytt gjennom åtte barneskular, tre ungdomsskular, tre oppvekstsenter, seks kommunale barnehagar, eit bibliotek, ein kulturskule, og eininga "Barn og Familie" som har barnevern, ppt, helsestasjon og ressursavdeling. Einingane varierer sterkt i storleik.



Hovudprosessen i sektoren er opplæring, omsorg og danning. Målsetjinga er å utvikla barn og unge til heile menneske og sikra dei ein god oppvekst i eit inkluderande og trygt oppvekstmiljø, slik at dei endar opp som ansvarlege, gode vaksne og kan overta ansvaret for og vidareutvikla samfunnet vår.

6.1.2 Personal

Medarbeidersamtalar er gjennomført med alle einingsleiarane og barnehage- og skulefaglege rådgjevarar. Einingsleiarar/avdelingsleiarar har gjennomført medarbeidersamtalar i sine einingar. I 10 faktor-kartlegginga har einingsleiarane svara til sektorleiar og dei tilsette i einingane har svara til einingsleiar/avdelingsleiar. Alle einingane har gjennomført sjølve undersøkinga og alle har starta arbeidet med analyse og val av tiltak for å betra arbeidsmiljøet. Det er høg grad av trivsel i sektoren sjølv om resultata varierer noko frå eining til eining og innan avdelingane. Høg grad av trivsel synte også att i svara i 10faktor undersøkinga blandt einingsleiarane. Sektorleiar i samarbeid med hovudvernombod følgjer opp at resultatet av kartlegginga blir analysert og drøfta både med

tillitsvalde og dei tilsette og at det vert sett inn tiltak for å vidareføra og auka kvalitet og trivsel.

Det er 516 tilsette i sektoren som til saman utfører 432,35 årsverk


Antall tilsett	Årsverk	Sjukefråvær i %
516	432,35	Sjå punkt 1.4

6.1.3 Resultat for tenestemottakarane

Barnehagane - barn og tilsette

Barnehageåret 2018/2019, var det 596 barn mellom 1 og 5 år i dei 17 barnehagane i kommunen. Av desse barna var 52 minoritetsspråklege. Antal barn pr vaksen var 5,42 og andel tilsette med pedagogisk utdanning var 46,19%. Av dei 17 barnehagane er 5 ikkje kommunale.

Tabellen under syner netto driftsutgifter pr innbyggjar til barnehage. Som ein ser i tabellen brukar Kvinnherad kommune om lag det same per innbyggjar til barnehage som Mandal og Voss. Stord nyttar meir pr innbyggjar til barnehage.




Barnehagane i kommunen opplever at dei har svært tronge økonomiske rammer. Det er mest ingen midlar til innkjøp av læremidlar og utstyr. Me har ein desentralisert barnehagestruktur som er økonomisk kostbar og dette går ut over leiker og anna utstyr i barnehagane.

Skulane - barn og tilsette

I skulane er det skuleåret 2018/2019 1646 elevar på 1. - 10. trinn. Av desse går 277 i SFO, men berre 52 av dei har full plass. Til saman får 135 elevar spesialundervisning, 87 gutar og 48 jenter. Barnetalet går ned og det er 100 færre barn i grunnskulen hausten 2018 enn våren 2015. Dette er dramatiske tal som gjev kommunen lågare overføringar frå staten. I same perioden er det 14 færre lærarar på skulane. Skuleåret 2018/2019 er det 212 lærarar i grunnskulen, av dei er 129 kontaktlærarar. Det er 42 menn og 170 kvinner som arbeider som lærarar i skulen i Kvinnherad. I tillegg er det 64 assistentar.


Tabellen under syner netto driftsutgifter til grunnskulesektor per innbyggjar. Som det går fram av tabellen brukar Kvinnherad kommune i 2018 meir pr innbyggjar til grunnskule enn

dei kommunane me samanliknar oss med. Dette skuldast gografien vår og val av ein svært desentralisert skulestruktur.



Spesialundervisning

8,1% av elevane i grunnskulen fekk spesialundervisning 2018. Dette er ein høgare andel enn dei kommunane me samanliknar oss med. Andel elevar som får spesialundervisning har lege på same nivået dei siste åra. Det er eit mål å få dette talet ned og at den ordinære undervisninga er godt nok tilpassa til flest mogleg elevar. Dette er problematisk dersom ressursane vert opplevd for knappe.




Kvalitet i skule og barnehagetilbodet.

Sektor for oppvekst vil våren 2019 utarbeida politisk sak "Tilstandsrapport" om kvaliteten i barnehage- og skuletilbodet. Desse rapportane vil bli lagt fram for kommunestyret og resultat av kartleggingar, prøvar og eksamenen vert difor ikkje tekne med i årsmeldinga for sektoren.


Barnevern

Tabellen under syner netto driftsutgifter pr barn 0-17 år i barneverntensta. Ein ser at storleiken på utgiftene varierer sterkt mellom dei kommunane me samanliknar oss med. I

samanlikning med andre kommunar syner tala at barnevernet i Kvinnherad har låge netto driftsutgifter. Dette skuldast delvis at det har vore problematisk å få tilsett nok fagfolk og at sjukefråværet har vore høgt.




I 2018 gjekk andelen meldingar til barnevernet med behandlingstid innan 7 dagar opp samanlikna med åra før. Som ein ser av tabellen under vart over 99% av innkomne meldingar handsama innan fristen på 7 dagar. Andel undersøkingar med handsamingsfrist innan 3 månadar gjekk ned frå 96% (2017) til 88 % (2018)



Helsestasjonen


Tabellen under syner netto driftsutgifter pr innbyggjar til helsestasjon og skulehelseteneste. Tabellen syner at ein i Kvinnherad nyttar færre ressursar til dette enn fleire av dei kommunane me samanliknar oss med. Medan me brukar kr 675 pr innbyggjar, brukar Stord over kr 1000. Tilbodet om helsesjukepleiar inn i skulane vert opplevd som svært nyttig av både elevar og lærarar og det er ynskjeleg å kunna auka opp dette tilbodet i framtida.



Kulturskulen

Kvinnherad kulturskule hadde i 2018 565 elevplasser. Det var 86 elevar på venteliste. Kulturskulen vår er populær og har eitt breitt og mangfaldig undervisningstilbod innan fleire kunststartar. Kulturskulen er eit kultur og ressurscenter for barn og unge i kommunen.

Tabellen under syner at Kvinnherad kommune har ein høg andel elevar i kulturskulen samanlikna med andre kommunar. Kommunen har hatt ei god satsing på kulturskulen og den syner att i gode resultat.



6.1.4 Resultat for medarbeiderane

Tilsette og frávær i sektoren:

Oversikt:	Tilsette	Årsverk	Frávær
Skule	300	251,96	6,6
Barnehage	122	103,52	10,1
Barn og Familie	68	57,99	9,9
Kulturskule	13	7,58	5,8
Bibliotek	7	6,1	1,8

Ufrivillig deltid

Einingane melder om at det er lite ufrivillig deltid

Kompetanseheving

Hausten 2018 vart det sett i gang ei kompetanseheving for alle leiarane i sektoren i samarbeid med Norsk lærarakademi. (NLA) Denne kompetansehevinga kom i stand gjennom den statlege ordninga "Desentralisert kompetanseheving" og er midlar til skular og Høgskular/Universitet (UH sektoren). Ressursane vart tildelt via det regionale samarbeidet i Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS). I Kvinnherad vart alle einingsleiarane i sektoren tekne med i denne kompetansehevinga. Det har vore gjennomgang av leiingsteori, -verktøy og -modellar. Det har vore fleire kurs/konferansar gjennom hausten, i tillegg til at leiarmøta på hausten har vore nytta til å øva og dela erfaringar med kvarandre. Leiing er eit fag og leiarane sin kompetanse og utøving av dette faget er avgjerande for utviklingsarbeid og god kvalitet i einingane. Fleire av leiarane i sektoren har i 2018 teke del i vidareutdanning innan leiing.

Det har vore gjennomført felles kursdag for alle tilsette i sektoren. Denne kompetansehevinga handla om arbeidet med gode og inkluderande barnehage- og skulemiljø, med særleg vekt på tverrfagleg arbeid for dei tilsette. Både innafør barnehagar og skular vert det no satsa på kollegabassert kompetanseheving. Forsking syner at det er dette som har best verknad for å endra praksis og få betre kvalitet i tenestene. Det er leiarane som skal driva denne utviklinga på einingane og det er såleis viktig med god leiarstøtte og at leiarane har den kompetansen dei treng. Det er 18 lærarar som har delteke i den statlege vidareutdanningsordninga "Kompetanse for kvalitet"

Alle skulane i kommunen har i 2018 delteke i den skulebaserte satsinga "Vurdering for læring" og alle barnehagane har delteke i den barnehagebaserte satsinga "Vera Saman".

6.1.5 Økonomi

Rekneskap 2018 A

Beskrivelse	Regnskap 2018	Reg budsjett 2018	Avvik 2018
Sektor for oppvekst			
Lønn og sosiale utg	321 757 052	318 087 840	3 669 212
Kjøp inngår i tj prod	30 219 263	31 162 074	-942 811
Kjøp erstatter tj prod	18 487 164	4 853 541	13 633 623
Overføringer fra komm	6 698 045	7 280 474	-582 429
Finansutgifter	854 684	0	854 684
Salgsinntekter	-26 236 477	-21 150 238	-5 086 239
Refusjoner	-29 018 459	-23 624 430	-5 394 029
Overføringer til komm	-10 733 717	-4 754 966	-5 978 751
Finansinntekter	-329 545	-275 000	-54 545
Sum	311 698 010	311 579 295	118 715

Analyse

For dei fleste einingane var 2018 eit bra år økonomisk. Rammene var trongare enn året før, men det er svært god budsejttedisiplin i sektoren og dei fleste klarte å halda seg innafør ramma si. Nokre skular måtte setja inn omfattande spesialpedagogiske tiltak for elevar og det vart utfordrande å halda budsjettet. Den nye ordninga med rett til intensiv opplæring for elevar på 1. - 4. trinnet førte til auka ressursbruk for skulane. I tillegg har den nye lærarnormen som virka frå 01.08.18 ført til at dei største skulane må auka antal lærarar for å halda seg innafør ramma med gjennomsnittleg undervisningsgrupper på 21 elevar

Innan barnehageområdet har det dei to siste åra vore ein auke i hjelpetiltak til barnehagebarn. Dette skuldast ny rett i Barnehageloven § 19g, der barn med nedsett funksjonsevne etter vedtak skal få tilrettelegging av barnehagetilbodet. I 2018 vart dei økonomiske konsekvensane av denne retten om lag kr 6 500 000 for sektoren i. Å setja inn tiltak i barnehage for barn med hjelpebehov er eit nyttig tidleg innsats tiltak.

Retten til redusert barnehagebetaling for familiar med låg inntekt førte i 2018 til ei mindreinntekt på om lag kr 760 000.

Eininga barn og familie hadde ein del vakansar og klarte ikkje å skaffe utdanna fagfolk innafør psykolog, helsestasjon og barnevern. Dei hadde såleis eit overskot som gjorde at sektoren kom i balanse trass i store overskidingar i barnehagefeltet.

Biblioteket og kulturskulen har små budsjett. Kulturskulen slit med lange ventelister særleg innan dans. Ei lita heving av deira budsjett kunne gitt mange barn gode tilbod. Biblioteket sine rammer var også tronge i 2018. I skulane i Kvinnherad har ein ikkje skulebibliotek, sjølv om dette er ei lovpålagt oppgåve. Me løyser dette med biblioteket og bokbussen. Det er såleis svært viktig at biblioteket har rammer til innkjøp av materiell/bøker.

Sektor oppvekst har 23 einingar og eit svært desentralisert tenestetilbod, Dette er økonomisk kostnadskrevjande. 2018 har vore eit år der mange einingar kjenner at dei økonomiske rammene blei trongare. Sjølv om det blir færre barn og unge har me like mange

skular og barnehagar å driva. Ynskjer kommunen å halda denne strukturen i tenestetilbodet oppe, må dei økonomiske rammene til einingane haldast oppe.

6.1.6 Utfordringar

Kvalifisert personale.

I nokre einingar har ein slite med å få kvalifisert personale. I skulane gjeld dette særleg innan språkfaga, slik som tysk, spansk og fransk. I tillegg ser ein at mange skular også manglar personale som har utdanning innan dei praktisk, estetiske faga.

Både i skular og barnehagar har det vore rin auka trong for tilsette med spesialpedagogisk utdanning. Nokre skular slit med å få gode spesialpedagogiske tilbod til barn med traumar, psykiske lidingar eller som på ein eller annan måte har vore utsett for omsorgssvikt. Utagerande barn utfordrar vaksne og det vert stadig meldt avvik frå lærarar som har blitt trua, sparka eller slått. Det å laga gode og trygge rammer rundt desse barna er viktig for å få dei til å oppleva eit godt og trygt læringsmiljø. Slike tiltak er det ofte store økonomiske kostnader med og det kan vera vanskeleg å skaffa personale med rett og god kompetanse til å møte desse borna. Nokre skular melder om vanskeleg arbeidstilhøve for tilsette grunna utagerande born.

I eininga "Barn og familie" har det vore store utfordringar med å få kvalifiserte søkjarar til einskilde stillingar. Dette gjeld til dømes både helsesjukepleiarar, psykologar og barnevernspedagogar. Å driva betre rekruttering innan desse yrka må vera ei målsetjing framover.

Auka opningstid i barnehagar

Nokre barnehagar melder om at føresette ikkje er nøgde med opningstida. Det er ynskje om å halda ope frå 06:45 - 16:30. Skal me etterkoma dette ynskje vil det føra til økonomiske utfordringar for sektoren.

Trong for vedlikehald og oppgradering av bygg.

Ved fleire einingar kjem det melding om trong for oppgradering av bygg. Mange av bygga både innafor skule og barnehage er gamle og slitne. Nokre plasser melder ein om at dette fører til utfordringar i arbeidsmiljøet.

Uteområda til borna både i barnehage og skule er ofte dårleg tilrettelagt for fysisk leik og aktivitet. Leikeapparata er gamle og det er ikkje midlar i sektoren til å investera i nye.

Eininga barn og familie slit med nok kontorlokale til sine tilsette. Dei får låna kontor i andre einingar, men dette er svært utilfredsstillande arbeidstilhøve for dei tilsette. Eininga skal flytta inn i Aksen når den er ferdig rehabilitert, men det er problematisk at ventetida vert så lang.

Strekk i laget

Det er ei utfordring i sektoren at mange av einingane er små med få tilsette og få brukarar. Det kan vera vanskeleg å skaffa nok kompetanse på små einingar og det er ei utfordring at det ofte berre er ein person i leiinga. Ein ser at der einingane er større og der ein kan dela på oppgåvene er systema betre trygga. Det er ei leiaroppgåve å sikra utvikling og endring til betre parksis og sjå til at det er god kvalitet i tenestene. Det er ulikt kor godt dei ulike einingane klarar å ta tak i dette arbeidet og det kan sjå ut for at det er ein del "strekk i laget" innan sektoren.

Minoritetsspråklege barn i barnehagar og skular


Det å halda oppe gode tilbod til barn med annan kultur- og språkbakgrunn ved alle einingane våre, er ei stor utfordring. Familiar med barn som kjem som flyktningar til Kvinnherad er traumatiserte, analfabetar, kan ikkje språket og har store utfordringar med å takla livet sitt. For at skular og barnehagar skal gjera eit godt arbeid med desse barna treng ein spesialkompetanse. Det er heilt umogleg for sektoren å halda oppe kompetanse på alle einingane og dette er ei stor utfordring. Desse barna treng ei god, systematisk opplæring og omsorg for å kunna klara seg i samfunnet seinare.

7 Sektor Omsorg, Helse og Sosial

7.1 Sektoren sine kommentarer

7.1.1 Om sektoren og tenesteområda

Sektor omsorg, helse og sosial er organisert i 14 einingar og eit sektorkontor. I tillegg til dei tenestene som kjem inn under omsorgstenester har sektoren og ansvar for helsetenester, sosiale tenester, integrering og opplæring og matforsyning.



Institusjonar

Kommunen har tre institusjonar. I tillegg har vi Ølve alderspensjonat som har midlertidig drift av 2 institusjonsplassar. Institusjonane gjev tilbod om langtid-, korttid- og avlastningsplassar.

Heimetenester

Einingane innanfor heimetenestene har ansvar for helsetenester og personleg assistanse til heimebuande brukarar. Heimetenestene er organisert i 5 einingar: Heimeteneste Nord og Heimeteneste Sør, Rus- og psykiatritenesta og Bu- og habilitering Nord og Sør. Omfang og utforming av tenester er individuelt tilpassa ut frå den enkelte sine behov. Tildeling av omsorgstenester er enkeltvedtak etter forvaltningslova.

Helse

Innanfor helse har vi legetenesta og legevakt. Det er fire helsesenter i kommunen som ytt tenester til innbyggjarane i form av fastlege og legetenester på institusjon. Legetenesta har fastlegar, og legevakt med lokale legar som har god kunnskap om kommunen vår og spesialist-helsetenesta i nærområdet vårt. Legevakt er i hovudsak dekkja av fastlegar i Kvinnherad.

Ergo- og fysioterapi

Eininga sine oppgåver er knytt til utgreiing, behandling og rehabilitering i alle aldersgrupper. Kortar liggetid på sjukehus, gjer at større del av behandling og rehabilitering skjer i kommunen. Avtalefysioterapeutane sitt tilbod er i stor grad retta mot den yrkesaktive delen av befolkninga, og medverkar til å redusera sjukefråvær grunna muskel/skjelettplager. Ergoterapeutar er og viktige aktørar i kommunen sitt rehabiliteringstilbod. Mykje av ergoterapeutane si tid går til søknad om tekniske hjelpemiddel, og til tilpassing og opplæring i bruk, samt fysisk tilrettelegging i heim, barnehage og skule, med fokus på auka eigenmestring.

Nav

Eininga Nav har ansvar for å yte sosiale tenester. Dei viktigaste oppgåvene er sakshandsaming av søknader om sosialstønad, drift av kvalifiseringsprogrammet og skaffa mellombels bustad. Nav -kontoret har fokus på å hjelpa brukarane av tenestene over i ein annan livssituasjon, anten gjennom bistand til å finna arbeid eller på annan måte gjera dei økonomisk sjølvhjelpne. Lovverket set krav til unge sosial mottakarar i form av arbeidsplikt og her er det etablert eit samarbeid mellom Nav og eininga Aktivitet, læring og meistring som ivaretek deler av dette

Aktivitet, læring og meistring

Denne eininga har ansvar for førebyggjande og helsefremjande tenester. Eininga gjev hjelp, støtte og rettleiing som gjer den enkelte i betre stand til å meistre eige liv. Det kan vere gjennom å gje dei tilpassa utfordringar, auka kunnskap, meistringsopplevingar og sosialt fellesskap. Eininga arbeidar aktivt med å sjå ressursar hjå målgruppa vår og har meistringstrappa som utgangspunkt for alt arbeid.

Integrering og opplæring

Eininga har ansvar for opplæring av vaksne flyktingar og busetjing av dei og deiras familie. Kommunen skal tilby introduksjonsprogram til nyankomne flyktingar og deira familegjenforente, som har behov for grunnleggjande kvalifisering med mål om å kunna fungera i ordinært arbeid, utdanning og samfunnsliv. Eininga tilbyr også norsk og samfunnsopplæring til andre innvandrargrupper.

Matforsyning

Innkjøp av matvarer og produksjon av alle måltid til institusjonane i kommunen er lagt til denne eininga. I tillegg driv eininga kantine på Rosendalstunet, Rådhuset og Husnestunet samt catering levering.

Kostra

Rapportering av Iplos data skulle for 2018 overførast til eit nytt rapporteringssystem, KPR. På grunn av sentrale vanskar med innføring av det nye systemet har ikkje Kostra fått dei data dei treng for å utarbeide statistikkar innanfor fleire av sektoren sine ansvarsområder. Dette medfører at denne årsmeldinga ikkje kan ta med og belyse utviklinga i kommunen opp mot Kostra tal på fleire sentrale områder i sektoren.

7.1.2 Personal

Tilsette i sektoren har sin arbeidsplass i ein eller fleire einingar. Dei største einingane finn vi innanfor omsorgstenesta som har eit tredje leiarnivå, avdelingsleiarar. Avdelingsleiarane i

sektoren har ansvar for store personalgrupper på opp mot 30 årsverk fordelt på ulike stillingstorleikar. Dette medfører at einstilte personalgrupper har kring 50 tilsette.

Auka trong for tenester er ei utfordring for tenesteområda og medfører travle dagar for dei tilsette. Det er slitande når arbeidssituasjonen over tid er slik at dei tilsette ikkje kjem i mål med oppgåvene sine innanfor arbeidstida. Når det ikkje er kapasitet innanfor eksisterande drift så har tenestane måtta oppretta ekstraruter i heimetenestene og ekstra bemanning på institusjonane.

Medarbeidarsamtale

Det var ei målsetjing i sektoren at alle med 50% stilling og over skulle ha medarbeidarsamtale i 2018. Av ulike årsaker har ikkje denne målsettinga vorte nådd for alle.

10 Faktor

Hausten 2018 vart medarbeidarundersøkinga 10 Faktor gjennomført i kommunen. Leiurar, verneombod og tillitsvalde har saman med dei tilsette gått gjennom resultatet frå einingane og valgt ut kva faktorar dei vil arbeide vidare med.

SAMLA RESULTAT FOR SEKTOR OMSORG, HELSE OG SOSIAL

Faktor	Navn	Sektor for omsorg helse og sosial	Lands - snitt	Beskrivelse
Faktor 1	Indre motivasjon	4,1	4,2	Motivasjonen for oppgåvene i seg selv, det vil si om oppgåvene oppleves som en drivkraft og som spennende og stimulerende. (Også kalt indre jobbmotivasjon)
Faktor 2	Mestringstro	4,2	4,3	Mestringstroen gjenspeiler hver enkelt medarbeiders tiltro til egen kompetanse og mulighet til å mestre utfordringer i jobbsammenheng.
Faktor 3	Autonomi	3,9	4,1	Medarbeidernes opplevelse av å ha mulighet til å jobbe selvstendig og gjøre egne vurderinger i jobben sin, basert på egen kompetanse, og innen en definert jobbrolle.
Faktor 4	Bruk av kompetanse	4,0	4,2	Medarbeidernes opplevelse av å få brukt egen jobbrelevante kompetanse på en god måte i sin nåværende jobb.
Faktor 5	Mestringsorientert ledelse	3,8	3,9	Ledelse som vektlegger at den enkelte medarbeider skal få utvikle seg og bli best mulig ut fra sine egne forutsetninger, slik at medarbeideren opplever mestring og yter sitt beste.
Faktor 6	Rolleklarhet	4,1	4,4	Høy rolleklarhet innebærer at forventningene til den jobben medarbeideren skal gjøre er tydelig definert og kommunisert.
Faktor 7	Relevant kompetanseutvikling	3,5	3,7	Relevant kompetanseutvikling er avgjørende for at medarbeiderne til enhver tid er best mulig rustet til å utføre sine oppgaver med høy kvalitet, og er avgjørende for kvaliteten på de tjenester som leveres, uansett hvilken type tjeneste vi snakker om.
Faktor 8	Fleksibilitetsvilje	4,4	4,5	Medarbeiderens villighet til å være fleksibel på jobb og tilpasse sin måte å jobbe på til nye behov og krav.
Faktor 9	Mestringsklima	3,9	4,0	I et mestringsklima motiveres medarbeiderne av å lære, utvikle seg og gjøre hverandre gode, fremfor å rivalisere om å bli best.
Faktor 10	Prososial motivasjon	4,7	4,7	Motivasjon for å gjøre noe nyttig og verdifullt for andre, også kalt prososial motivasjon, er en viktig drivkraft for mange og har en rekke godt dokumenterte, positive effekter.

Antall tilsett	Årsverk	Sjukefråvær i %
862	509	9,5%

7.1.3 Resultat for tenestemottakarane

Sjukeheimane

I 2018 vart det nye Rosendalstunet ferdigstillt og fem avdelingar vart teken i bruk. Det er eit flott og funksjonelt bygg som er til glede både dei som har heimen sin der og dei som arbeidar der. Fem nye avdelingar på Rosendalstunet gav ikkje kommunen fleire institusjonsplassar då Halsnøytunet avslutta 4 midlertidige institusjonsplassar, Ølve alderspensjonat redusert med 3 midlertidige institusjonsplassar og Husnestunet reduserte med 2 plassar samstundes.

Pr. 31.12 2018 var det 119 institusjonsplassar i kommunen.

Innflyttinga i nye Rosendalstunet var ein krevjande prosess både for brukarar og tilsette. Brukarar vart flytta frå ulike plassar til nye avdelingar og tilsette vart sett saman i nye personalgrupper. I tillegg skulle ein ha full drift og yte gode kvalitative tenester i nye lokal med nye rutinar og nytt utstyr. Engasjerte tilsette har stått på ekstra mykje i denne prosessen og bidrege til at Rosendalstunet har blitt ein god plass å vere for alle.

Det er og gledeleg at avdelingskjøkken og korridor på langtidsavdeling på Husnestunet vart renovert i 2018. Lyse og "lette" fargar i korridorane og eit moderne kjøkken som er tilpassa drifta lettar arbeidet og bidrar til auka trivsel både for brukarar og tilsette.

I 2018 har presset på institusjonsplassar vore stort både frå innbyggjarar, heimetenestene og sjukehusa. Mest synleg er det i tal overliggedøgn, men også ventelister på institusjonsplassar og ulike omstorgsbustadar samt overbelegg på avdelingane viser dette.

Institusjons-plassar	2016	2017	Belegg i %	2018	Belegg i %
Halsnøytunet	25	25	94,66%	21	101,07%
Husnestunet	51 (inkl.2 KAD)	50/49 (inkl.2 KAD)	100,00%	46	97,71%
Rosendalstunet	28	27	103,77%	50	95,15%
Varaldsøy	16	16	95,30%		
Ølve	5	5	99,78%	2 (frå febr.)	50,52%
	125	123 (122)		119	

I 2018 var 100 pas innlagt i KAD seng (akutt senger) på Husnestunet, dette utgjør 318 liggjedøgn med ei gjennomsnitt på 3 liggjedøgn og ein beleggprosent på 43,56. KAD senger er kommunale akuttsenger som kan nyttast for dei som treng tett oppfølging, men ikkje treng leggjast inn på sjukehus. Beleggprosenten på KAD sengene påverkar den totale beleggprosenten på Husnestunet som har hatt 200 overliggedøgn i avdelingane i 2018.

Overliggedøgn på sjukehus.

Omfanget av utskrivingsklare pasientar som blir liggande på sjukehus i påvente av kommunalt tilbod varierer mykje gjennom året. I 2018 hadde vi betalingsplikt for totalt 176 døgn, fordelt på 53 pasientar. Desse pasientane venta frå 1-12 døgn på korttidsopphald i kommunen. Dette er ei belastning både for utskrivingsklare pasientar og for tilsette i kommunen som må stå i presset frå sjukehuset. Kommunen har kjøpt 42 døgn med

rehabiliteringsplassar i Odda når vi ikkje har kunna løyst det sjølv.

Sakshandsaming innanfor sektoren

Innanfor omsorgstenestene er sakshandsaming eit omfattande arbeid som krev mykje ressursar. I 2017 var det 1 344 saker og i 2018 var talet på saker 1 296. Det er ikkje alltid samsvar mellom tal saker og arbeidsmengde då ein del saker er svært arbeidskrevjande og kan gå over eit lenger tidsrom. Rett tenestenivå ligg til grunn i alle vedtaka som vert fatta innanfor sektoren. Best mogeleg bruk av «omsorgstrappa» er eit mål i tenesta for å gje rett tilbod til rett person til rett tid. Tenesta har lagt vekt på å gjennomføre dette så langt som råd innanfor tilgjengelege rammes.

Heimetenestene

Tenestemottakarane i heimetenestene er i hovudsak frå 18 år og oppover, og ein stor del av ressursane går til dei som er under 67 år.

I budsjettgrunnlaget frå 2018 til 2019 auka tildelte timar til tenestemottakarar i heimeteneste Nord og Sør med til saman 243 timar. Auken kjem på tross av strenge vurderingar. Dette utgjer i direkte tenesteyting samt tid til kjøring og rapport 9,2 årsverk. Når kommunen har hatt stort press på søknader om plassar med heildøgnsomsorg så har heimetenesta måtta tatt i mot brukarar med meir komplekse og alvorlege tilstandar. I tillegg så er det i løpet av 2018 etablert fleire nye svært kostnadskrevjande prosjekt som har krevd nye ressursar.

I 2018 starta Heimeteneste Sør med tenesta kvardagsrehabilitering. Det er i snitt gjennomført ca.10 timar trening per veke i samarbeide med fysio-ergoterapitenesta. Førrebeleg evaluering syner at for dei rette kandidatane kan denne tenesta gje god effekt og til dels mindre trong for andre tenester i etterkant. Det er imidlertid vanskeleg å få til kontinuitet i dette arbeidet då tida ofte vert knapp for dei som skal gjennomføre treninga saman med tenestemottaka

Kommunen har mange brukara som har trong for omfattande tenester og kjem inn under ordninga ressurskrevjande brukarar. Tabellen under viser kostnadar og refusjonar dei to siste åra for desse brukarane.

År	Kostnadar	Refusjon
2017	79 millionar	40.3 millionar
2018	85,9 millionar	36 millionar

Ressursane som vert nytta til desse tenestane er fordelt mellom målgruppene, men einingane i Bu og habilitering har ein stor overvekt av desse kostnadane. Kriteria for refusjon frå staten er at brukarane må vere under 67 år. Mange eldre kan ha mykje tenester, men på grunn av alderen fyller dei ikkje kriteria for refusjon i høve den statlege ordninga.

Eit nytt tilbod for heimebuande vart starta opp hausten 2018. Då vart den tidlegare dementavdelingen på Rosendalstunet pussa opp med tanke på at den skulle takast i bruk som bufelleskap for 8 personar frå januar 2019.

Innanfor einingane Bu og habilitering har avgang og tilkomst av brukarar med behov for heildøgns tenester vore omlag på same nivå. Ei intern omorganisering har medført betre sambruk av personale og reduserte driftskostnadar.

Dagsenteret ved Bu og habilitering Nord og Sør vart ferdig rehabilitert i 2018. Desse bygga var svært slitt og dei fysiske rammene var lite tilpassa den daglege drifta. I tillegg til generell oppussing vart det nye løysingar som gav rom for fleire ulike aktivitetar tilpassa den

målgruppa som har sitt aktivitetstilbod der. Det var og kjøpt inn nye møblar og resultatet er flotte lyse funksjonelle lokal. Dette har stor betydning både i høve aktivitetstilbodet og trivselen for alle som har sitt arbeid der. I løpet av 2018 har fire nye brukarar har fått sitt aktivitetstilbod på det nye dagsenteret.

Tenester innafor rus og Psykiatri har og hatt stor etterspurnad etter tenester dette året. Med bakgrunn i stor saksmengde så har eininga gjort deler av ein ledig avdelingsleiarstilling om til sakshandsamar for å ivareta saksutgreiing og vedtak.

Endring i lovverk har ført til ein auke i tal pasientar ved Valen sjukehus som har behov for langvarige koordinerte tenester vel å busetje seg i Kvinnherad kommune etter utskriving.

Det er venteliste på plass i psykiatrisk bufellesskap og vi ser ein auke i behovet for døgntenester for å kunne ivareta dei sjukaste brukarane våre etter samhandlingsreforma og nedbygging av døgnplassar i spesialisthelsetenesta. Ca 70% av brukarane i tenesta har behov for langvarige koordinerte tenester frå kommunen. Vi ser og ein auke i søknader frå yngre menneske med lettare/moderate lidingar. Eininga fekk i 2018 tilsett psykologspesialist i 100% stilling og 50% stilling som erfaringsmedarbeidar.

Helse

Vel halvparten av legar i vaktrullering og tilsette ved Kvinnherad legevakt har no gjennomført obligatorisk kompetanseheving for å innfri krav i ny forskrift om akuttmedisin. Sidan helsesentera fungerer som desentralisert daglegevakt, skal også tilsette her innfri kompetansekrav for legevaktsarbeid. Nye krav til kompetanse for legar i vaktordning, og krav om bakvakt for legar som ikkje innfrir kompetansekrava gjeld no berre for 2 av legane som deltek i vaktordninga. I 2018 inngjekk tenesta avtale om å kjøper telefontenester frå eit interkommunalt selskap, Sunnhordland interkommunale Legevakt. Kvinnherad Legevakt har i 2018 fått eigen legevaktbil.

Ergo- og fysio tenester har i 2018 utarbeidd prioriteringsnøkkel som eit felles verktøy for å kunne prioritere rett.

På ny sjukeheim i Rosendal har eininga klart å samlokalisera tenesta i denne delen av kommunen. Med ei anna disponering av lokala på sjukeheimen på Husnes vil det vere mogeleg å sikra samlokalisering der og. Dette er ynskjeleg for å sikra innbyggjarane færre stader å venda seg for behandling.

Det har vore ei utfordring, særleg på ergoterapisida, å løyse oppgåver innan tidsfrista. Tilbodet om Kvardagsrehabiliteing har vore ressurkrevjande for tenesta og ininga har og brukt mykje ressursar på å bytte ut alle tryggleiksalarmar i 2018.

Sosiale tenester

Med bakgrunn i sterkt redusert arbeidsløyse og generelt positive signal om norsk økonomi antok vi at talet på brukarar av dei sosiale tenestene ville verta redusert. Dette viste seg å ikkje stemma. Talet på brukarar av tenestene var omlag det same som i 2017. I 2018 var det 336 personar mot 335 personar i 2017. Imidlertid ser vi stor forskjell når det gjeld aldersfordelinga, ein kraftig nedgong i talet på unge brukarar og ein auke når det gjeld personar frå 45 år og oppover. Det var mellom anna ein auke på 11 personar over 67 år.

Kontoret klarte å nå det nasjonale målet for Kvalifiseringsprogrammet på 17 brukarar i snitt gjennom året. Kvinnherad kommune får overført midlar frå arbeids- og

velferdsdepartementet til å dekke dette måtalet.

Det er ei utfordring å kunne bistå alle som treng meir avansert hjelp med økonomisk rådgjeving. Ved utgangen av 2018 var 6 personar på venteliste til frivillig forvaltning og 17 personar på venteliste til gjeldsrådgjeving.

Aktivitet læring og meistring

Det er gjennomført fleire lærings- og meistringskurs med omsyn til å setje den enkelte betre i stand til å ivareta eige helse og livskvalitet. I 2018 er det gjennomført kurs for personar med KOLS, diabetes type 2, Kurs i meistring av belastningar og Bra mat for betre helse kurs. I løpet av året er Inn på Tunet tilbodet i Omvikdalen avslutta då tenestetilbydar gjekk av med pensjon. Brukarane her har funne seg nytt tilbod i Huset på Bjørke. Eininga føl opp og gjer aktivitet og arbeid til personar som vert tilvist frå NAV med aktivitetskrav. Det er til ei kvar tid venteliste og kommunen stettar ikkje lovkravet på dette området. Eininga har gjennomført kurs i motiverande intervju for totalt 30 tilsette frå eiga eining og for einingane for Rus og psykiske helsetenester og Ergo og fysioterapi.

Integrering og opplæring

Integrering og opplæring tok imot og busette 10 flyktningar i 2018. Det er mykje som skal på plass for at flyktningane skal kunne bli integret på ein god måte. I snitt var det 50 deltakarar på einiga sitt introduksjonsprogram. I tillegg fekk omlag 40 personar som var gift med norske statsborgerer norskopplæring. Det var og 30 arbeidsinnvandrere som kjøpte norskopplæring.

Matforsyning

Ved inngongen til 2018, hadde eininga Matforsyning ca.150 brukarar totalt, fordelt på Husnestunet, Rosendalstunet og Halsnøytunet. Dette har i løpet av året auka til 164 brukarar som skal ha lunsj og middag. Totalt 328 porsjonar pr. dag, litt mindre i helgar og feriar når dagavdelingane er stengt. Dette utgjer ca. 2100 porsjonar pr.veke og 109 200 porsjonar pr.år.

Samarbeid med frivillig sektor

Einingane i sektoren, og då spesielt institusjonane har hatt ein god del samarbeid med frivillige, lag og organisasjonar. Frivillige, lag og organisasjonar bidrar til eit variert aktivitetstilbod ved å arrangere ulike aktivitetar som til dømes sang, turar, trim og ulike »ute aktivitetar». Frivillig innsats er ein stor og verdifull ressurs for omsorga. som betyr mykje for brukarar, pårørande og tilsette.

7.1.4 Resultat for medarbeiderane

Sjukefråværet i sektoren var på i snitt på 9,5%. Det var same prosent som i 2017, men over målsettinga som var på 8,7%. Det er stor skilnad i fråvær på dei ulike einingane, med høgast fråvær innanfor omsorgsdelen og lågast innanfor einingar utan døgndrift. I hovudsak er det mange langtidssjukemeldingar og ein del sjukefråvær i samband med graviditet. Einingane arbeidar kontinuerleg for å redusere fråværet med å tilretteleggje arbeidsoppgåver og samarbeider med lege, jordmor og NAV, I tillegg har leiarane god kontakt og individuell

oppfylgjing av dei tilsette.

Personalet får stadig nye faglege utfordringar og krav til dokumentasjon og brukarmedverknad er aukande. I budsjettet for 2018 var det lite ressursar til fagutvikling, intern undervisning og samhandling. Ein stram økonomi har gjort at personalmøte og brukarmøte ikkje er blitt prioritert i så stor grad som det er trong for .

Deltid.

I sektoren finnes det både frivillig og ufrivillig deltid. Det er mange studentar som arbeidar i helgevaktstillingar og tar vakter i friperiodar medan dei er under utdanning. Desse deltidstilsette har ikkje høve til å arbeide meir. Det er og mange tilsette som ynskjer å ha redusert stilling og heller tar ekstravakter når dei ynskjer det.

Andre tilsette ynskjer høgare stilling. Det har vore fokus på auke av stillingar for deltidstilsette dei seinare åra og mange tilsette har no fått høgare stilling. Tilbakemelding frå einingsleiarane innanfor omsorgsdelen er at det framleis er ein del tilsette som ynskjer høgare stilling, men ofte er ynskja deira knytt til ein spesiell arbeidsplass/avdeling. For dei som ikkje ynskjer å arbeide på tvers av avdelingar kan det ta tid før ynskja vert imøtekomme.

Arbeidsgjevar ynskjer å prioritere dei med formell fagkompetanse. Tilsette med høgskuleutdanning får tilbod om 100 % stillingar, men fleire av dei ynskjer og redusert stilling ofte med bakgrunn i omsorg for små born.

Kompetansehevande tiltak i 2018

Det er 11 tilsette som har teke fagbrev som helsefagarbeidar i 2018. Dei fleste har vore tilsett som pleiemedarbeidarar i sektoren, teke teori og arbeid omlag 8000 timar i tenesta for å fylle krava som privatist for å ta fagbrev. At så mange har nådd dette målet har auka kompetansen både for den einskilde og i sektoren.

Eininga Nav har fått tilført mykje naudsynt kompetanse/opplæring frå Fylkesmannen og Nav Hordaland i samband med ei rekke lov- og forskriftendringar og innføring av nye IT-løysingar.

Kommunen har i 2018 bidratt med økonomisk støtte og tilrettelagt for at tilsette skal kunne gjennomføre fylgjande utdanningar:

1.2. Fagskoleutdanning	Fullført	Under utdanning	Totalt
a. Psykisk helsearbeid og rusarbeid	2	-	2
b. Habilitering/rehabilitering	2	-	2
c.. Annen fagskoleutdanning	-	1	1
Sum	4	1	5
1.3. Bachelorutdanning helse- og sosialfag			
a. Sykepleie	-	10	10
b. Vernepleie	-	1	1
Sum	-	11	11
1.4. Videreutdanning og mastergradutdanning			
a. Psykisk helsearbeid og rusarbeid	3	2	5

1.2. Fagskoleutdanning	Fullført	Under utdanning	Totalt
b.. Kreftomsorg/lindrende pleie	-	1	1
c. Lederutdanning	1	4	5
Annen videreutdanning og/eller masterutdanning	5	-	5
Sum	9	7	16

Ein del tilsette delteke på ulike eksterne kurs. Utover dette er det gjennomført ein del interne kurs og undervisning, men det har vore lite rom for dette innanfor tilgjengelege ressursar rundt om på arbeidsplassane i 2018. Dette er over tid ei uheldig utvikling då det påverkar både kvalitet i arbeidet og tilsette sin motivasjon.

7.1.5 Økonomi

Rekneskap 2018 A

Beskrivelse	Regnskap 2018	Reg budsjett 2018	Avvik 2018
Sektor Omsorg, Helse og Sosial			
Lønn og sosiale utg	413 756 465	402 529 816	11 226 649
Kjøp inngår i tj prod	35 187 296	29 579 296	5 608 000
Kjøp erstatter tj prod	11 570 357	10 881 110	689 247
Overføringer fra komm	18 801 684	29 202 727	-10 401 043
Finansutgifter	2 151 114	118 000	2 033 114
Salgsinntekter	-31 074 152	-26 345 482	-4 728 670
Refusjoner	-33 851 209	-27 667 315	-6 183 894
Overføringer til komm	-5 877 132	-1 398 500	-4 478 632
Finansinntekter	-86 508	-259 000	172 492
Sum	410 577 915	416 640 652	-6 062 737

Analyse

Sektoren har i 2018 eit overskot på årsrekneskapen på 6.062.737.

Dette skuldast i hovudsak at sektoren fekk tilført 12.3 millionar ekstra i budsjettåret. Av dei skulle 10 millionar nyttast til nye ekstra tiltak som vart sett i verk i løpet av året. To av dei nye tiltaka fekk midlertidig opphøyr i lange periodar og lønsutgiftene vart dermed sterkt redusert. På slutten av året var det og ein del kostnadskrevjande tiltak som av ulike grunnar vart avslutta.

Sektoren fekk vel 6 millionar meir i sjukeløn- og svangerskapsrefusjon og 3 millionar meir i eigenbetalingar enn det som var budsjettert. Langvarige korttids plassar på institusjon og meir i eigenandelar hos dei med langtids plass og i heimetenestene er medverkande årsaker til dette.

Sektoren har hatt felles mål og gjort ein felles innsats for å halde budsjettamma og dette har medverka mykje til det gode resultatet.

Lønskostnadane har vore på vel 11 millionar meir enn det som var budsjettert I tillegg kjem kostnadar til vikarbyrå på omlag 6 millionar. Overforbruket på løn skuldast fylgjande:


Det vart innvilga nye og fleire timar i alle heimetenestene, dette medfører høgare lønnskostnadar då det var behov for å leige inn ekstra personale. Nye tiltak som medførte høge lønnskostnadar vart etablerte både i institusjon og i heimetenestene.

Høgt sjukefråvær gjev høge vikarutgifter då storparten av drifta ikkje kan gjennomførast utan bruk av vikar.

Bruk av vikarbyrå har vore nødvendig og dette gjev høgare kostnadar enn bruk av egne tilsette. I 2017 var kommunen sine kostnadar til vikarbyrå kr. 3.635.464. For 2018 utgjorde desse kostnadane kr 6.328.248

Tabellen under viser at netto driftsutgifter i pleie og omsorg i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter var i 2018 på same nivå som i 2016. Gjennom effektivisering av drift klarte vi å redusere kostnadane frå 2016 til 2017. Tenestane har i 2018 auka mykje i omfang og dette viser igjen i auka netto drift.

Netto driftsutgifter pleie og omsorg i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter(B)



	2015	2016	2017	2018
Kvinnherad	36,2 %	37,5 %	35,7 %	37,5 %
Mandal	31,3 %	31,9 %	30,6 %	31,3 %
Stord	31,8 %	31,9 %	33,1 %	34,2 %
Voss	36,0 %	33,5 %	33,0 %	33,8 %
Hordaland	30,7 %	31,2 %	30,2 %	30,6 %
Kostragruppe 11	33,6 %	34,1 %	33,5 %	35,1 %

7.1.6 Utfordringar

Den demografiske utviklinga viser at talet eldre er aukande i Kvinnherad. I tillegg så ser vi ein stor auke i tal unge som fell utanfor i arbeidslivet. Til saman vil dette gje kommunen store utfordringar framover som krev løysingar som ikkje medfører unødig høg ressursbruk. I fht. eldregruppa så vil det vere vanskeleg å møte denne auken både i fht. ressursar og tal tilsette innanfor fagområdet dersom det skal løysast på same måte som no. Ulike tiltak på førebyggingsida vert sentrale og bør prioriterast framover.

Det er aukande etterspurnad etter tenester innanfor dei fleste fagområda. Innanfor

omsorgstenestene har vi ikkje "tak" for tal brukarar, vi må gje teneste til dei som ha krav på det. Fleire og fleire har omfattande og kompliserte hjelpebehov, og blir tidlegare utskrivne frå sjukehus til kommunen.

Ei anna utfordring innanfor dette fagområdet er å rekruttere og behalde nok kvalifisert personale. Spesielt gjeld dette sjukepleiarar og vernepleiarar, men det er og trong for fleire helsefagarbeidarar.

Vakante stillingar, sjukefråvere og anna fråvære gjer at me stadig har trong for vikarar. Lav grunnbemanning på institusjonane medfører ekstra innleige av vikarar i periodar.

Bruk av vikarbyrå har vore nødvendig for å kunne stette behova for sjukepleiarar, men det medfører høgare kostnader og til dels ein del språkproblem som kan slite på andre tilsette og i verste fall føre til felibehandling. I tillegg så vert stabilitet og kjennskap til brukarane ikkje like godt ivareteke som ved fast personale. Det er og stor mangel på vernepleiar. Tenesta har store vanskar med å fylle kompetanse og lovkrav som er sett i fht. tenesteytinga, i tillegg så har fagkompetansen stor betydning for kvaliteten på tenestutøvinga.

Det er trong for bustadar tilrettelagt for heildøgns omsorg for fleire målgrupper. Det å samle brukarar i tilrettelagte bustadar har stor betydning både i fht. sosialt fellesskap og effektiv drift.

Eininga integrering og opplæring treng nye tilpassa undervisningslokale.

Det er trong for eit funksjonelt lager til oppbevaring, reingjering og utlevering av hjelpemidlar.

Legetenesta treng meir lokale. Fastlegane ynskjer kortare lister og det kan løysast med fleire legar. Det er ikkje kontorplass til fleire legar på dei aktuelle helsesentera i dag. Legevakt treng og større lokale med plass til overnatting for vaktlege.

8 Sektor Teknikk og Miljø

8.1 Sektoren sine kommentarer

8.1.1 Om sektoren og tenesteområda

Sektor for Teknikk og miljø er inndelt i sektorkontor og 6 einingar:



Sektorkontor

Sektorkontor har ansvar for å bidra med sakshandsaming og merkantile oppgåver til dei andre einingane i sektoren. I tillegg har sektorkontor ansvaret for heile den kommunale bilparken.

"Maskin og transport" yter tenester mot andre kommunale einingar som nyttar seg av kommunale maskinar, utstyr og bilar. Det er heile tida eit gap mellom behovet for kommunal bil og det vi kan innfri. Vi har pr. 31.12.2018 følgjande maskinar / bilar:

- 14 lastebiler / motorredskap/ tankbil
- 3 minibussar
- 68 personbilar (av desse 13 EL-bilar og 1 hybrid)
- 60 varebiler
- 4 traktorar (ulike storleikar)
- 26 tilhengarar

Eining for Bygg og eigedom

Eininga har i hovudsak ansvaret for drift av formålsbygg og utleige av bustadar. I tillegg har eininga koordineringsansvaret på tvers i organisasjonen vedr. prioriteringar og planar for mindre rehabiliteringar av kommunale bygg (skular, barnehagar og institusjonar m.m.). Nytt av året er at Bygg og eigedom har ansvaret for all korttidsutleige av formålsbygg til private, lag og organisasjonar.

Eining for Prosjektering og utbygging

Eininga har gjennomført vedtekne investeringsprosjekt i budsjett- og økonomiplan, innanfor ansvarsområda «50 Vatn», «51 Avløp», «52 Veg- park og idrett», «53 Bygg», «54 Eigedom» og delvis «59 Andre prosjekt».

Eininga har starta arbeidet med å få til betre samsvar mellom politiske vedtak i budsjett/økonomiplan og faktisk framdrift. Det er viktig at budsjett/økonomiplan er realistisk (som bl.a. vil resultera i rette låneopptak) og at ein har tilstrekkeleg og rett bemanning til å gjennomføra i tråd med vedtekne investeringsprosjekt.

Det er arbeid med nye felles digitale system for prosjektgjennomføring. Desse skal bl.a. bidra til auka produksjon, redusert kostnadsnivå og miljørette løysingar som bidrar til reduksjon av framtidige drifts- og vedlikehaldsutgifter.

I samband med vedtak om økonomiske løyvingar til større investeringsprosjekt, skal det alltid synleggjerast økonomisk konsekvens for drifta (kapitalkostnad og auka driftskostnad).

Eining for Vatn og avløp

Eining for vatn og avløp har ansvar for drift og forvaltning innan desse tenesteområda:

- a) Drikkevassforsyning
- b) Avløpshandtering
- c) Renovasjon
- d) Tøming private slamavskiljarar

I tillegg bidrar eininga mot prosjektavdelinga, og er «Bestillar» av alle nye VA-investeringsprosjekt i tråd med «Kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2013 – 2024». Ansvarsområda er underlagt sjølvkostprinsippet, dvs. at alle utgifter, også renter og avdragskostnadar på investert kapital, er finansiert med tilsvarande gebyrinntekter.

Tekniske nøkkeltal:

- 9 kommunale vassverk, 5.511 abonnentar, noko som er ein auke på 106 stk. i 2018. Av desse er 26,3% registrert med vassmålar.
- 23 kommunale avløps- reinsedistrikt, 4.519 abonnentar, ein auke på 76 stk. i 2018. Av desse er 25,5% registrert med vassmålar.
- 5.810 renovasjons abonnentar, bustadhus som er ein auke på 65 stk. i 2018
- 1.786 renovasjons abonnentar, fritidshus som er ein auke på 18 stk. i 2018
- 2.842 slamtømeabonnentar, som er ein stor auke frå 2017. Ein stor del av dette er tankar som ikkje har vore registrerte tidligare.
- 45 overbygde pumpestasjonar
- Overvaking/fjernstyring av alle VA anlegg (PC / nettbrett). Vi overvaker 949 komponentar.
- Kvar av desse overvakast på fleire punkt som temp./ ampere/ mengder/ driftstid/ start/ stopp/ andre parametar
- 220 km med kommunale VA leidningar
- 15 tilsette, Heilkontinuerleg/dobbel vaktordning, eigen maskinpark

Eining for Veg og park

Eining for Veg og Park er tillagt følgjande fagfelt:

- 173 km kommunale vegar
- 21,6 km kommunale fortau
- 10 kommunale kaiar
- 40 kommunale bruer

- Kommunale fotball og idrettsbanar
- Kommunale parkar og friområde
- Drift av veglys på kommunale og fylkeskommunale vegar

Eining for Brann og redning

Eining for brann og redning skal levera tenester etter lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff samt brannvesenets redningsoppgaver.

Eininga har to avdelingar: Operativ avdeling og førebyggande avdeling.

Operativ avdeling er underlagt forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen og er brannvesenets utrykkingsstyrke ved brannar og ulykker. Utrykkingsstyrken er fordelt på 8 brannstasjonar i kommunen.

Førebyggande avdeling er underlagt forskrift om brannførebygging og har som hovudoppgåve å hindra at brannar oppstår. Dette skjer ved hjelp av tilsyn i særskilte brannobjekt, øvingar og foredrag, kartlegging og oppfølging av risikogrupper, oppfølging av bekymringsmeldingar.

Avdelinga består av avdelingsleiar og branningeniør.

Feietenesta er også underlagt førebyggande avdeling.

Eining for brann og redning har 4 heiltidstilsette og 76 deltidstilsette brannkonstablar og utrykkingsleiarar. Dei deltidstilsette brannfolka er fordelt på 8 brannstasjonar i kommunen.

Leiinga består av brannsjef, leiar av operativ avdeling, leiar av førebyggande avdeling og branningeniør.

Under førebyggande avdeling ligg feiartenesta. Denne tenesta vert utført av privat firma og vi har difor ikkje kommunalt tilsette feiarar.

Eining for Reinhald

Reinhald er utført etter gjeldande reinhaldsplaner. Det er forholdsvis låg frekvens på reinhaldet.

Det er auka med små lokaliteter i sentrum, dette fordi vaksenopplæringa er spreidd i mange hus i Lonabrotet. Det er fleire av lokala som ikkje har vatn og utslagsvaskar, slik at reinhaldarane må bera bøtter med vatn rundt til lokala dei skal vaska. Dette er heldigvis kun ei overgangsordning til «Nye Aksen» er på plass.

Det er blitt vaska ut/ned fleire leilegheiter utanom vanlege oppgåver.

Det er også brukt ekstra tid på reinhald i rådhuset etter flytting av lokale/kontor.

Det er blitt mange fleire utfordringar med færre tilsette, og sjukefråværet er ei utfordring.

8.1.2 Personal

Den store skildnaden mellom talet på tilsette og talet på årsverk er i hovedsak relatert til tilsette brannkonstablar i eining for Brann og redning. I eining for reinhald er det i tillegg fleire som ikkje har 100 % stilling.

Når det gjeld sjukefråvær, har dette heldigvis gått noko ned sidan siste år. Det er spesielt

eining for reinhald som slit med høgt frávær. Dette har einiga fokus på. Tiltak er gjennomført og må framleis ha fokus.

Antall tilsett	Årsverk	Sjukefrávær i %
169	89,3	7,0

8.1.3 Resultat for tenestemottakarane

Sektorkontor

Sektoren har ansvaret for heile den kommunale bil- og maskinparken. Det er store utfordringar knytt til å halda tildelt driftsramme, dette heng i hovudsak saman med eit generelt auka bilbehov og utgiftene som føl med. Stort sett er behova tilfredsstilt, men altså med overskriding på drifta. Det var ein stor gevinst for kommunen i å sei opp alle leasingavtalar, og gå over til å eiga bilparken sjølv. Det vert stadig arbeida med ein grønar profil (fleire EL bilar) og ei utskifting av eldre bilar, noko som begge deler bidrar til reduserte driftsutgifter.

Eining for Bygg og eigedom

Bygg og eigedom leverar drift- og vedlikehaldstenester til alle tenesteområder i kommunen. Dette omfattar skulebygg, helsebygg, kulturbygg, idrettsbygg og administrasjonsbygg. I tillegg kjem drift og forvaltning av utleigebustader og kommunale utleigebygg. Samla utgjør dette ein bygningsmasse på 114 000 m²

Totalt utførte aktivitetar i 2018 var ca 6000, av dette var 65 etter brann- og DLE tilsyn.

Det vart ferdigstilt 14 nye bustader i Parkbygget i samband med "Bustadpakken", samt etablering av 8 rom i bufellskap gamal del på Rosendalstunet.

Det vart inngått 66 nye husleigekontraktar i 2018, mens det blei avvikla 56 kontraktar.

Eining for Prosjektering og utbygging

Målsettinga er at alle prosjekt skal gjennomførast innanfor tildelte rammer og mandat med omsyn til økonomi, kvalitet, framdrift og HMS. Det er stort fokus på at tenestemottakar, her definert som bestillar av prosjekt, får eit sluttresultat i tråd med bestilling.

Utdrag større prosjekt gjennomført i 2018

5030 ÆNES VASSVERK - UV og HØGDEBASSENG



Etablering av nytt høgdebasseng og UV anlegg for reinsing av vatn, utskifting og utlegging av ny infrastruktur for vassleidningar.

Prosjektet har vore organisert som ein general- entreprise der Mesta AS har vore hovudentreprenør og Cowi har laga teknisk beskrivelse for anlegget.

Prosjektramme: 9 mill.

Anlegget sett i drift august 2018.

Grunna nokre utfordringar med det tekniske anlegget er overtaking utsett til manglar er utbetra og dokumentasjon på dette er utført.

Overtaking 14.mars 2019.

Prosjektet har vore gjennomført innanfor vedtekne rammer.

5908 HUSNES GRAVPLASS

Utviding av eksisterande gravplass med 760 kistegraver, murar, rekkverk, masseutskifting, gjerder og planting.

Kostnadsramme: 17 mill.

Prosjektet har vore organisert som ein generalentreprise der Mesta AS er hovudentreprenør og Cowi har laga teknisk beskrivelse for anlegget. Ca. 12 000 m³ masser på det nye gravfeltet er skifta ut med nytt gravemedium. Bortkjørte masser er nytta til opparbeiding av nytt jordbruksareal hjå ein lokal bonde på Husnes.

Ferdigstilling 8. oktober 2018.

Grunna overtaking etter vekstsesong vil beplantning m.m. bli overtatt våren 2019.

Prosjektet har vore gjennomført utan større problem og innanfor vedtekne rammer.

5455 OPSANGERVEGEN



Ny miljøgate i Husnes sentrum, utskifting av gamle VA leidningar og parkanlegg
Kostnadsramme – 100 mill. kroner.

Prosjektet har vore organisert som ein generalentreprise der Vassbakk & Stol AS er hovudentreprenør og AsplanViak har hatt prosjekteringsansvaret.

Prosjektet har hatt store utfordringar med eksisterande VA- nett og mykje kabelanlegg for el/tele i grunnen. Dette har skapt meirarbeid og forseinking på delar av anlegget og ein har måtta rokera på rekkjefølgja i planen for kunne oppretthalda både vass- og spillvassleidningar samstundes som ein legg nytt i nærliggjande trasse. Det har også vore utfordrande trafikktilhøve og ein har ikkje til ei kvar tid klart å løysa desse på ein god måte. Dette har hatt stort fokus i anleggsperioden.

Overtaking august 2018.

Prosjektet har vore gjennomført utan større problem og innanfor vedtekne rammer.

5430 KOBBEBUKTA FISKERIHAMN



Etablering av ny servicekai, breiddeutviding av molo og opprusting av sjarkkai. Kystverket har utbetalt eit tilskot til anlegget på kr 5,75 mill. eks. mva.

Kostnadsramme: 27,7 mill. inkl. mva.

Prosjektet har vore organisert som ein generalentreprise der Byggservice AS er hovudentreprenør og LINK Arkitektur AS har prosjekteringsansvaret. Manglar og feil ved prosjekteringa har ført til ein del ekstrakostnader, og prosjektet blei før sommaren stipulert til å vera underfinansiert med ca. 2.7 mill. Det blei difor lagt inn auka finansiering i samband med revidering av budsjett 2018.

Ferdigstilling 12 september 2018.

Ved overtaking blei det protokollført ein del manglar på utføring. Desse manglane skuldast i hovudsak mangelfull prosjektering og uklart teikningsgrunnlag. Utbetring av manglar er no under gjennomføring og varsel om erstatning på feil prosjektering er sendt Link Arkitektur AS.

Grunna til dels store feil og manglar i prosjekteringsgrunnlaget har prosjektet ein samla overskriding på ca. kr. 500 000,- litt avhengig av klagesaka mot Link Arkitektur AS.

2052 ROSENDALSTUNET



Riving av delar av alders- og sjukeheim (gamle fløy) frå 1957 og 1967. Tilbygg/utviding av Rosendalstunet med 60 nye sengeplassar samt tilhøyrande rom for velferd, service og personal, ombygging av eksisterande ergo/fysio avdeling, parkmessig opparbeiding av utomhusanlegg og parkeringsanlegg.

Ferdigstilling: 08.01.18.

Prosjektet har vore organisert som ein totalentreprise der Leigland Bygg AS er totalentreprenør og Sweco AS og Multiconsult har hatt prosjekteringsansvaret.

Kostnadsramme – 203 mill. kroner.

Bygget har no vore i drift litt over eit år. Det er innmeldt få avvik no i prøvedriftsperioden. Av avvik som har vore driftsmessig utfordrande er feil og manglar i låsesystem. Dette skal no vera i orden. Utomhusanlegget er av årstidsmessige orsakar ikkje overteke ennå. Ferdigbefaring her vil bli gjennomført våren 2019.

Ferdigattest for tiltaket er motteke og utbetaling av tilskot frå Husbanken på Kr 98 076 000,- er utbetalt.

Ombygging av ergo / fysio er også ferdig og tatt i bruk.

Prosjektet har vore gjennomført og avslutta innanfor vedtekne rammer.

ANDRE UTBYGGINGSPROSJEKT

Det er i 2018 totalt investert for kr. 147 MNOK av eit budsjett på 320 MNOK. Etterslepet er opparbeidd over fleire år ("Ting tar tid"), og resterande prosjekt er under planlegging/gjennomføring. Unytta løyvde midlar blir føreslått overført til 2019 budsjettet.

Portefølgjen i investeringsrekneskapet for 2018 viser heile 122 ulike prosjekt.

Andre store prosjekt i 2018 er bl.a. ny Fv 48 gjennom Lundsneset, kollektivknutepunkt Rosendal, Herøysund kompetansesenter, "Bustadpakken" og Byggefelt Ølve.

"KVINNHERADPAKKEN"

"Kvinnheradpakken" vart vedteken i Kommunestyret i 2018, og bompengesøknad er sendt Stortinget for godkjenning. Tiltaka er finansiert med kommunale og fylkeskommunale midlar i tillegg til bompengar. Kommunal løyving utgjer 13 % av total kostnad. Bompengandelen utgjer tilsvarande 20 %.

Eining for Vatn og avløp

Eininga si aller viktigaste oppgåve er å levera hygienisk/helsemessig drikkevatt i tråd med Drikkevassforskrifta og målsettingar i hovudplan. Kommunen som vassverkseigar har krav på seg til å levera vatn i tilstrekkelig mengde og med godkjent kvalitet til forbrukar. Mattilsynet fører tilsyn med at desse krava blir oppfylt, bl.a. gjennom krav til ROS- analysar og beredskapsplanar. For å kontrollera at ein tilfredsstillar kravet om godkjent kvalitet har kommunen eit program for å overvaka drikkevasskvaliteten. I eige laboratorium på Husnes analyserer vi kvar veke prøvar av råvatn, reint vatn og drikkevatt ute på nettet etter ein prøvetakingsplan som er godkjent av Mattilsynet. Drikkevassforskrifta set krav til kva parametarar som skal analyserast. Dette er koliforme bakteriar, e.koli, kimtal, pH, fargetal, leidningsevne og turbiditet. Ei statistisk omarbeiding av analyseresultata blir kvart år rapportert til Mattilsynet. Desse vert registrert i Vassverksregisteret (VREG) som ligg på Folkehelse si heimeside: www.fhi.no/vannverksregisteret. I 2018 er det teke ut 528 driftsprøvar, og i tillegg 96 akkrediterte prøvar på nett. Ingen av prøvane inneheldt E.koli eller andre tarmbakteriar i 2018, som er den viktigaste parameteren.

Innsamling av avløp skjer i tråd med Forureiningsforskrifta og målsettingar i hovedplan. Kvinnherad kommune er medlem og medeigar av DIHVA IKS, og deltar i fleire større interkommunale samarbeidsprosjekt, som t.d. felles VTA (sikring av dam- anlegg), felles VA-norm, felles mal for beredskapsøvingar, felles VA- gebyrforskrift m.m. Kvinnherad kommune er medlem og medeigar av SIM IKS, og samarbeider om avfallshandtering og slamtøming, i tråd med avfallsplan og slamplan.

Eining for Veg og park

Kvinnherad kommune driftar tre kommunale idrettsanlegg i Rosendal, Husnes og Halsnøy. Desse anlegga er av varierende standard frå nyare anlegg på Husnes til noko lågare standard i Rosendal og Halsnøy. I tillegg er det ein del kunstgrasbanar i kommunen der ein utfører vedlikehald i samarbeid med idrettslaga.

Friområda og turstiar vert drifta i eigenregi og i samarbeid med Friluftsrådet Vest. Hovudansvaret vårt er stort sett grovare vedlikehald på skog og kratt samt løysing for avfall. Vi har sett ein auke i bruk av område knytt opp mot fjell og nasjonalpark. Kommunen har dialog med friluftsråd og nasjonalparkmynde for å løysa utfordringar med parkering ved fleire sentrale plassar.

Grøntanlegga i kommunen vert drifta som tidlegare men ein har redusert noko i omfang for å spara kostnader. Parken på Husnes langs Opsangervatnet har fått eit løft og er komande år tilbake i drifta.

Eininga har drifta det kommunale vegnettet etter behov og utført naudsynt vedlikehald på dei områda ein har ansvar for. Vinteren gav oss langt større utgifter på brøyting/strøing enn budsjettert. Vi ser også stadig utfordringar med meir nedbør og uver som herjar stygt med vegnettet. Store delar av driftsbudsjettet går med på å retta slike skader, noko som aukar etterslepet på ordinert vedlikehald.

Ein har også utført vedlikehald av bruer og kaiar som er eigde av kommunen.

Eining for Brann og redning

Kvinnherad brann og redning består av operativ- og førebyggande avdeling.

Operativ avdeling som skal sørge for at tenestemottakarane får lovpålagte tenestar i form av beredskap ved brann, eksplosjon, ulykker, uhell med farleg gods og liknande. 76 deltidstilsette fordelt på 8 brannstasjonar tek seg av denne tenesta. I 2018 hadde vi 164 oppdrag.

Førebyggande avdeling utfører oppgåver etter forskrift om brannforebygging. Denne avdelinga gjer ein viktig jobb med av hindra brannar ved å gjennomføra tilsyn i særskilte brannobjekt, bistå ved brannøvingar, halda foredrag, følga opp bekymringsmeldingar som gjeld branntryggleik, kartlegga og følga opp risikogrupper i samfunnet.

Under førebyggande avdeling ligg også feietenesta. Feiar har ei viktig oppgåve i form av feiing og tilsyn med private bustadar.

I løpet av 2018 hadde vi ingen dødsbrannar i Kvinnherad kommune.

Eining for Reinhold

Reinhold har ansvar for alt reinhold på 53 bygg, til saman ca. 90 000 m².

Det er blitt mykje meir ekstra reinhold på sjukeheimar, meir smitte- reinhold, og det er blitt eit stort press frå helsesektoren om meir reinhold utover våre reinholdsrutinar. Dette går utover reinholdet andre stadar.

Det er ein del misnøgde brukarar grunna reduserte reinholdfrekvensar, som fører til meir belastningar og stress blant våre reinholdarar.

8.1.4 Resultat for medarbeiderane

Sektor for Teknikk og miljø

Drift:

Det har vore fleire langtidsfråvær i 2018. Det er ikkje registrert personskeidar med fråvær.

Det er ei kontinuerleg kompetanseutvikling i sektoren, men denne bør absolutt intensiverast, og det er eit etterslep på dette arbeidet. Budsjettsituasjonen har gjort at dette delvis er eit forsømd område, noko som går utover motivasjon/rekruttering.

Alle tilsette har delteke i "10 FAKTOR"- undersøkinga hausten 2018, og resultata/tilbakemeldingane vert gjennomgått i kvar eining, og kompensierende tiltak gjennomført.

I samband med både dagleg drift og prosjektgjennomføring, er det stort fokus på sikkerheit, helse og arbeidsmiljø. "Sikker jobb analysar" vert gjennomført i tråd med skriftleg utarbeidde arbeidsinstruksar. Vernerundar vert gjennomført. Verneombodet er aktiv deltakar på driftsmøter, revisjonar, risikovurderingar, vurdering av arbeidsoperasjonar m.m. Hovudverneombodet har vist stort engasjement for dei ulike einingane, og godt samarbeid er etablert.

Det er rapportert om få avvik i 2018.

Medarbeidarsamtalar vert utført. Hovudtrekka frå samtalanane er at trivselen og samhaldet blant dei tilsette er bra.

Nye krav i regelverk og pålegg frå Arbeidstilsynet, krev at dei tilsette i eining for Brann og redning må få vesentleg betra arbeidstilhøve på brannstasjonane, herunder bl.a. garderobeanlegg, rein/skitten sone, ventilasjonsanlegg m.m. Branntilsette er overeksponert for kreftsjukdomar, og tiltak må snarleg gjennomførast. Etter ei totalvurdering ynskjer Brannsjefen å satsa på 3 oppdaterte brannstasjonar i staden for 8, dette for å ivareta dei tilsette si helse, men også for å ha eit profesjonelt brannvesen med tilstrekkeleg bemanning og utstyr.

Prosjekt:

Kompetanseheving og fagleg utvikling har heile tida fokus for å kunne møte større krav i bransjen. Strengare lovverk, meir erfarne entreprenørar og høgare tempo medfører at ein må etterstrebe å arbeide meir smart og effektivt. Det å opparbeide meir fagleg tyngde på ulike felt har difor vore prioritert i 2018 gjennom fleire interne kurs bl.a i kontraktsrett, "Calculus" osv. Kvalitetsikring og overordna prosedyrar for prosjektgjennomføring er også under utarbeiding. Dette for å oppnå ei meir robust eining som arbeider meir likt, der risikokartlegging og planlegging vert tidlegare implementert i prosjektplanlegginga.

8.1.5 Økonomi

Rekneskap 2018 A

Beskrivelse	Regnskap 2018	Reg budsjett 2018	Avvik 2018
Sektor Teknikk og Miljø			
Lønn og sosiale utg	64 020 207	62 595 142	1 425 065
Kjøp inngår i tj prod	63 242 700	63 825 877	-583 177
Kjøp erstatter tj prod	2 533 262	2 701 436	-168 174
Overføringer fra komm	10 444 656	7 262 111	3 182 545
Finansutgifter	18 674 670	17 284 000	1 390 670
Salgsinntekter	-68 855 081	-70 568 673	1 713 592
Refusjoner	-2 467 233	-3 085 193	617 960
Overføringer til komm	-1 771 965	0	-1 771 965
Finansinntekter	-3 576 002	-4 048 172	472 170
Sum	82 245 214	75 966 528	6 278 686

Analyse

Nedanfor følgjer ei kort skildring av resultatet i høve kvar eining:

Sektorkontor

Sektorkontor har eit overskot som er identisk med styrkinga i budsjettrevisjonen som i si heilheit vart lagt på Sektorkontor (1,5 MNOK).

Eining for Bygg og eigedom

Eininga har store overskriddingar i 2018, heile 5,5 MNOK.

Bygg og eigedom overtok alle straumkostnadane for alle bustadar og formålsbygg i 2017.

Ved budsjett- overføringane vart det ikkje teke høgde for auka mva- kostnadar i budsjettet. Dette vart heller ikkje utført i budsjett 2018. Ein annan viktig faktor til overskridingane er at straumprisane auka monneleg i 2018 i høve til budsjett 2018. Før bar heile organisasjonen denne risikoen, som no åleine ligg på eining for Bygg og eigedom.

Året 2018 har også vore prega av store reperasjonskostnadar på bl.a. tekniske anlegg som ventilasjonsanlegg og varmpumper. I tillegg har det vore prioritert førebyggjande vedlikehaldstiltak på den kommunale bygningsmassen. Det har også vore prioritert standardheving av kommunale utleigebustader.

Det er også starta med "Leige til eige modell" på kjøp av kommunale bustader. Det er teikna 2 kontraktar i 2018. Husleige for desse kontraktane vert teke til full inntekt på innbetalingstidspunktet, men 20% vert tilbakebetalt ved endeleg kjøp (del av eigenkapitalen).

Eining for Prosjektering og utbygging

Denne eininga har eit driftsresultat på kroner null. Det vert ført lønnsrefusjon frå investeringsbudsjettet. Det positive driftsresultatet på kr. 406.000,- er sett av på bunde driftsfond, og utgjer ein buffer i høve driftsresultatet for 2019.

Eining for Vatn og avløp

Gabyrintektene vart redusert i 2018 (endra gebyr forskrift vedr. nye tilknytingar) Fondet på 5130 vart redusert i 2018 med NOK 3.321.613,- Fondet på 5135 vart styrka med NOK 391.319,-

Sjå eige vedlegg vedr. etterkalkyle.

Eining for Veg og park

Overskriding: Kr. 0,5 MNOK.

Eininga har eit stramt driftsbudsjett der mykje av midlane er bunde opp i faste kostnadar. Dette er i hovudsak:

- Løn
- Beredskap/vintervedlikehald
- Straum/veglijos
- Bidrag kommunale samarbeid (Torgplass Husnes, Friluftsråd m.m.).

Vinteren gav store utfordringar og førte til ei større overskriding av budsjett. Sjølv om anna vedlikehald er teke ned på eit uforsvarleg lågt nivå, samt att reasfaltering/ gatelijos vert finansiert over investeringsbudsjettet, greier ein ikkje å halda budsjettet.

Utsiftinga til LED på veg og gatelys har gitt oss innsparingar på straum, men stadig nye lysanlegg tek no att innsparinga med auka straum- og driftsutgifter.

Kommunen har og overteke nye anlegg på veg, utomhus og idrett som gjev auka driftsutgifter.

Vi kan ikkje sjå at ytterlegare tiltak kunne vore sett inn for å betra resultatet.

Eining for Brann og redning

Overskriding: Kr. 1,5 MNOK

Sommaren 2018 var spesiell pga langvarig tørke, og medførte at vi måtte auka vaktberedskapen på fleire av brannstasjonane. Pga lite tilgjengelege folk ved Halsnøy og Uskedalen måtte vi ved fleire tilfelle auka vaktberedskapen ved Husnes og Rosendal

brannstasjon for å sikra tilstrekkeleg oppmøte ved alarm. Dimensjoneringsforskrifta krev at vi skal setta folk på vakt ved mistanke om lite oppmøte ved alarm.

Vi hadde totalt sett ei auke på litt over 20% i talet på utrykkingar i forhold til 2017, noko som medfører auka utgifter til løn. Talet på utrykkingar har berre auka dei siste åra.

Skade på brannutstyr og utskifting av brannutstyr, brannuniformar og liknande medførte ein stor kostnad. Utgifter til dette vil nok auka i åra som kjem pga fleire utrykkingar og dermed auka slitasje på bilar, utstyr og branntøy. Til dømes kostar det ca. kr. 25.000 å kle opp ein brannkonstabel med godkjente klede.

Eining for Reinhold

Driftsresultat: Balanse.

Dette har ein oppnådd med å la drifta gå på sparebluss, og redusert reinholdsfrekvens.

8.1.6 Utfordringar

Utfordringane framover for Sektor for Teknikk og miljø er store, fordi ein stadig opplever lågare driftsbudsjett kombinert med auka kostnader (fleire driftsobjekt). Investeringar i nye anlegg (bygg, vegar, idrettsanlegg m.m.) fører til auke i anlegg som skal driftast, herunder energikostnader, reinholdskostnader, tilsyn-, drifts- og vedlikehaldskostnader. Det har tidlegare ikkje blitt følgt opp med tilstrekkeleg med ekstra driftsmidlar når nye bygg blir ført opp, dette må endrast. Når det vert gjort vedtak om å investera i nye anlegg, må det også løyvast midlar til auka drift.

Kraftig auke i straumpris- nivå fører til auka energikostnader, kostnader som før vart fordelt i heile organisasjonen, men som no er samla i ein sektor. Straumprisane ser ut til å få ein vesentleg auke vidare inn i 2019. Auka straumprisar gir overskot på sal av konsesjonskraft. Dette overskotet bør i ein viss grad kompensera for meirutgiftene i straumbudsjettet for eining for bygg og eigedom.

Eining for Bygg og eigedom bør årleg tilførast midlar avsett i disposisjonsfond til føremålet "Vedlikehald av kommunal bygningsmasse". Klimaendringar gir utfordringar i høve flaumskader, rassituasjonar etc. som ordinære driftsbudsjett ikkje tar høgde for. Derfor bør det også vurderast oppretting av eit disposisjonsfond til slike ekstraordinære situasjonar, slik at ordinær drift ikkje vert skadelidande.

Nye krav gir auka driftskostnader, t.d. krav innan sikkerheit, helse og arbeidsmiljø for bl.a. eining for Brann og redning. Det bør innførast ny brannordning der brannstrukturen vert vurdert før vi startar ei dyr ombygging på samtlege stasjonar. Det er ikkje berre brannstasjonane som treng oppgradering. Bilar og utstyr på enkelte av brannstasjonane er tildels utslitt og lite eigna til å møta dagens krav til brann- og redningsinnsatsar. Endra struktur vil og bety færre utstysobjekt å halda vedlike.

